



/// Årsrapport 2023

Innhold

1	Innleiing frå kommunedirektøren.....	2
2	Kommunen som verksemd.....	3
2.1	Overordna mål.....	3
2.2	Politisk organisering og aktivitet.....	4
2.3	Administrativ organisering	5
2.4	Kommunen som arbeidsgjevar - status.....	6
2.5	Etikk og likestilling.....	12
2.6	Heiltidskultur	13
3	Økonomisk status – 2023.....	14
3.1	Nøkkeltal	14
3.2	Hovudtal driftsrekneskapen (løyvingsskjema 1 - drift)	15
4	Status for drifta - per tenesteområde.....	21
4.1	Administrasjon.....	21
4.2	Oppvekst.....	24
4.3	Helse og omsorg.....	30
4.4	Kommunalområde samfunn (tidl. Sektor plan og teknisk, og sektor samfunn, kultur og innovasjon)	40
5	Pensjon og lønsavsetjing.....	52
	Kraft	53
6	Interkommunale samarbeid.....	53
7	Investeringar	56
7.1	Prosjektliste	57
8	KOSTRA-tal.....	63

1 Innleiing frå kommunedirektøren

2023 kan kort oppsummerast med krig, mellom anna i Ukraina, Israel og på Gaza, uvêr, galopperande prisar og aukande rente. Klimaendringane var også i fjor sentrale. Året opna med eit Europa som var rekordvarmt, og vart avslutta med klimatoppmøte i Dubai der det kom på plass ei historisk formulering om at landa skal omstille seg vekk frå fossil energi. Totalberedskapskommisjonen peika i sin rapport frå 2023 på at me vil verte enno meir påverka av:

- stormaktsrivalisering
- ei teknologisk utvikling og ein digital revolusjon
- klimaendringane er ei saktegåande krise og ei global utfordring som vil utsette samfunnet vårt for større press
- folketalsutviklinga i Norge føre til at det framover vil vere færre yrkesaktive og fleire pensjonistar. Dette vil utfordre berekrafta i økonomien og velferdssystema våre.

Dette er ikkje utfordringar som kjem – men noko me står midt oppe i. Vêret er våtare, villare og meir ekstremt. Den sikkerheitspolitiske situasjonen er meir krevjande enn på lenge. Trugslar utfordrar sårbarheiter på nye vis. I 2023 vart beredskapen til kommunen stilt på prøve. Beredskapen har vore god, og kvart tilfelle har og gitt gode læringspunkt slik at organisasjonen har stått stødigare.

Frå 2021 til 2023 femdobla me talet flyktningar busett i kommunen. Dei fleste av dei 142 flyktningane som vart busett i 2023 kjem frå Ukraina. I tillegg har me busett nokre familiar og einslege frå Syria, Eritrea og Kongo. Erfaringane dei kjem med gir oss grunn til å vere takknemlege for kvar me bur. I eit samfunn og ein kommune der me kan ha tillit til kvarande, og kan påverke kvardagen til dei rundt oss gjennom arbeidet vårt. Me kan òg vere stolte over måten me gjennomførte kommunevalet på – som kommune er me ein avgjerande berebjelke i demokratiet.


I 2023 fekk «dyrtid» fornying i daglegtalet som følgje av aukande renter og prisvekst. Ei slik utvikling i økonomien er eit reelt problem for dei med lågare inntekt, og kan i ytste konsekvens medføre fattigdom for dei som vert hardest råka. I kvar tredje hushald med økonomiske vanskar bur det born – dette er ei utfordring me som kommune må ha særleg merksemd på framover.

Oppdraget vårt er å gje tenester og drive samfunnsutvikling til det beste for innbyggjarane. Alt dette skal skje gjennom at kommunen er effektiv, tillitsskapande og berekraftig. Det handlar om å lukkast med å vere til nytte for innbyggjarane. I 2023 har me for alvor fått fart på det tillitsbaserte arbeidet. Mange opplever at dette gjer at ein blir høyrtd og sett. Gjennom å løyse små og store «flokar» me møter i arbeidskvardagen vert arbeidsforma sett på som givande og meningsfull. Tillitsreforma sin metodikk handlar ikkje om nye store prosjekt, men om å ta mange små steg i lag, jobbe med uvisse og alltid ynskje seg vidare. Arbeidet i 2023 styrkar meg i trua på at dette er viktig og at det er ein sentral del i å møte dei globale trendane.

Ein anna sentral del i dette, vil vere å styrke samarbeidet med dei som er rundt oss. Dette gjeld alt frå lag- og organisasjonar til nabokommunane. Skal me klare å tilby likeverdige tenester i heile landet, må me tenke heilt nytt rundt korleis me løyser oppgåvene våre i framtida – ingenting kan vere freda eller skjerma for endring og

nytenking. Me må vere budd på å gå i reelle diskusjonar om samarbeid med andre innanfor alle tenesteområde. Med tung forankring i samfunnsplanen ønskjer me å oppnå at me bidreg sterkt til å løfte satsingar som kjem heile regionen til gode, og at me saman med Sogn kan ha ein tydeleg posisjon mot regionale og nasjonale styresmakter.

Samfunnsplanen set oss i ein ambisiøs posisjon til å utfordre. Me skal tenke nytt, endre vanar og rutinar, snu oss mot framtidas løysingar og skape nye og betre måtar å levere gode tenester. Det vart òg i 2023 lagt eit godt grunnlag for at innbyggjarane våre skal kunne leve gode, aktive og trygge liv.



2 Kommunen som verksemd

2.1 Overordna mål

Kommunen sine tre overordna mål er vedtekne i samfunnsplanen for perioden 2021-2030: **livskvalitet, skaparkraft og miljømedvit**. Alt me gjer og alt me satsar på skal vere i samsvar med desse overordna måla.

Vidare tek samfunnsplanen ein posisjon: Me skal vere **utfordrarbygda**. Det speglar levande og livskraftig lokalsamfunn i heile kommunen, men betyr òg at kommunen sjølv skal tørre å utfordre. Det gjeld eigen praksis, dei rundt oss og overordna styresmakter. Utfordrarbygda skal bruke verdiane til å utfordre oss sjølv og andre på å vere samskapande, open, god og nysgjerrig. Uavhengig av sektor, teneste og arbeidsstad.

Det er dei fem satsingsområda som skal gje overordna retning. **Best på oppvekst, skapt for aktiv livsstil, kompetansemiljø i eliteserien, fruktbare tettstadar og utviklingslokomotiv i Sogn** er alle tydelege på retning, og vidfemnande nok til å kunne gje retning for alt me gjer. Mesteparten av samfunnsplanen seier noko om korleis me skal jobbe, og har såleis ikkje konkrete økonomiske konsekvensar – det skal løysast i kvardagen i tenestene.

2.2 Politisk organisering og aktivitet

Kommunestyret i Sogndal har 31 medlemmer og er organisert etter formannskapsmodellen.



Føremålet med den politiske organiseringa er å sikre at Sogndal kommune har eit ope og styringsdyktig lokaldemokrati, med føreseielege og inkluderande politiske prosessar. Det skal vere brei deltaking i dei politiske prosessane, der innbyggjarane vert informerte og høyrde. Folk i alle aldersgrupper og frå ulike miljø i heile kommunen skal ha innverknad på samfunnsutviklinga. Kommunestyret har i 2023 hatt 11 møter, og handsama 100 saker. To av desse møta har vore folkevaldprogrammet som vart gjennomført hausten 2023 for det nye kommunestyret.


På bakgrunn av at det har vore eit valår har mange av sakene som vart handsama hausten 2023 vore valsaker. Gjennom året har kommunestyret mellom anna handsama saker som busetjing av flyktingar, plassering av ny 1-7 skule i Sogndal sentrum, samfunns- kultur og administrasjonslokale på Saften på Leikanger, revisjon av politiske reglement og sak om administrasjons- og publikumstenester i Holmatunet i Balestrand. I tillegg til ordinære kommunestyremøte har det vore gjennomført val og det har vorte vald nye politiske utval.

Andre saker som har vore handsama er budsjett og økonomiplan, rekneskap, ulike vedtekter, reguleringsplanar, forskrifter, vertskommunesamarbeid og ulike høyringsuttalar.



2.3 Administrativ organisering

Hausten 2023 gjorde kommunen ei organisatorisk endring av kommunalsjefområda. Sektor plan og teknisk og samfunn, næring og kultur er samanslegne under namnet samfunn. Sektoren har no ein kommunalsjef, der det tidlegare har vore to. Sogndal kommune er organisert i tre sektorar samt to støttetjenester, jf. organisasjonskart:



Kvar sektor vert leia av kommunalsjef, jf. organisasjonskart over. Alle kommunalsjefane har eit heilskapleg, tverrgående, strategisk og framtidsretta ansvar for leiinga av heile Sogndal kommune.

2.4 Kommunen som arbeidsgjevar - status

Sogndal kommune er ein stor arbeidsgjevar med kunnskapsbaserte medarbeidarar på alle nivå og einingar. Kommunen brukar tid og ressursar på at kvar enkelt medarbeidar skal ha gode føresetnader, gode verktøy og rammeverk til å utføre jobben sin og tenestene våre på ein best mogleg måte. Rekruttering er noko av det viktigaste for kommunen i åra som kjem. Me er, og skal vere, ein attraktiv arbeidsgjevar der tilsette får høve til å jobbe med fag og under tillit.

Bemanningssituasjonen og utfordringane som kommunen står ovanfor i åra som kjem vil truleg krevje anna innretning av arbeidsmåtar og oppgåver enn det me har i dag. Arbeidet med å tilpasse og innrette oss for framtida skaut fart i løpet av 2023 og organisasjonen har jobba kontinuerleg og målretta med tillitsreforma dette året.

Me ser at det blir stilt store krav og forventningar til digitale løysingar, effektiv drift og nye måtar å drifte tenestene på framover. Som ein attraktiv arbeidsgjevar må me jobbe kontinuerleg og dedikert for å tilpasse oss dette på ein måte som bidreg til at me også kan yte gode tenester og vere ein spanande arbeidsplass i framtida.

Som følgje av dette arbeidet har me gjennom 2023 fått etablert eit hjelparlag og i haust skalerte me hjelp og støtte til alle tilsette som driv tillitsbasert utviklingsarbeid. Hjelpa skal vere til nytte for alle dei som jobbar med ulike former for utviklingsarbeid rundt om i organisasjonen. Me har blant anna stokka om på organiseringa av nokre av dei ressursane me allereie har, for å kunne jobbe meir samanhengande og fokusert inn mot det som er viktig for organisasjonen. Inngangen til arbeidet er å vere tydeleg på målet, men å gå vegen eitt steg om gangen. I praksis har ein merksemda på neste hinder, utan å på førehand bestemme kva som skjer når det hinderet er forsert. Dette er kjernen i tillitsbasert arbeid, og er både uvant og vanskeleg for mange av oss - fordi svaret på så mange av spørsmåla dermed blir: "Eg veit ikkje". Samstundes er det umogeleg å ta på alvor ein søkande måte å jobbe på, om ikkje det vert jobba slik.

Tal årsverk, tilsette, kjønnsfordeling og gjennomsnittsalder


Sogndal kommune hadde per 31.12.23 1310 tilsette fordelt på 1119 årsverk, mot 1293 tilsette fordelt på 1070 årsverk i 2022. Helse og omsorg og oppvekst er dei største sektorane med over 400 årsverk i kvar sektor. Snittalderen for tilsette i organisasjonen er 42,5 år. Gjennomsnittsalderen har gått ned frå 2022. Ingen sektorar har snittalder over 50 år.

Det er auke i tal tilsette og årsverk frå 2022 til 2023. Det er ein auke knytt til både faste og mellombelse stillingar. Inkludert i den samla auken er det også noko auke i tal lærlingar frå 2022 til 2023.

	Årsverk	Tilsette	Tal kvinner	Tal menn	Snittalder
Administrasjon	35,18	41	29	12	49 år
Helse og omsorg	440,4	564	464	93	42 år

Oppvekst	469	507	408	105	41 år
Plan og samfunn	175	198	93	106	45 år
Sum	1119	1310	994	316	42,5 år

Den korte definisjonen av turnover er den delen av tilsette som sluttar frå eitt år til eit anna. På KS.no kan ein lese meir om turnover i kommunesektoren spesifisert på stillingsgrupper, der tala er henta frå PAI-statistikken og har med både fast- og timelønna, faste og mellombelse tilsette samt heiltid- og deltidstilsette.¹ Nasjonalt er turnover for både fylkeskommunar og kommunar 12,7 %. Dette er ein nedgang frå året før. I Sogndal er den litt lågare, 11,8 % - ein nedgang frå 12,6 % året før. Utover dette er kommunen på ganske samanliknbart nivå som resten av landet.



Sjukefråvær

I sjukefråværsrapporten er det teke med eigenmelding og legemeldt sjukefråvær. Fråvær grunna barn sin sjukdom og permisjonar er ikkje med i denne statistikken. Totalt sjukefråvær for heile Sogndal kommune i 2023 er 8,2 %. Noko lågare enn 2022 då totalt sjukefråvær låg på 8,4 %.

Tabellen under viser sjukefråvær i prosent for Sogndal kommune per kvartal og for heile 2023:

Sjukefråvær 2023	1.kvartal	2.kvartal	3.kvartal	4.kvartal	Samla 2023
Administrasjon	7,3	3,8	4,3	6,2	5,4
Oppvekst	9,7	6,7	4,7	8,9	7,5
Helse og omsorg	11,5	8,9	8,5	10,9	10

¹ I KS-statistikken held ein utanfor tilfeldig timelønna, tilsette på pensjonistvilkår og alle vikarar. På [Turnover i kommunar og fylkeskommunar - KS](#) kan ein lese om turnover i kommunesektoren spesifisert på stillingsgrupper.

Plan og teknisk	7,2	8,4	5,5	8,6	7,4
Samfunnsutvikling, kultur og innovasjon	6,5	3,2	2	4,1	4

For landet samla var legemeldt sjukefråvær for kommunane i 2023 7,7 % (Kjelde: SSB via KS). Dette er ein auke frå 7,1 % i 2022. Samla sett ligg me litt under det nasjonale snittet. Ser ein på detaljar for dei ulike sektorane er det ganske samanliknbart med nasjonale tal. Samla eigen- og legemeldt sjukefråvær var vesentleg lågare i første kvartal 2023 enn i første kvartal 2022, då det nådde ein topp under pandemien. Dette samsvarar også med vår eigen statistikk frå 2022. I andre kvartal var sjukefråværet om lag det same som året før, medan det var høgare både i tredje og fjerde kvartal samanlikna med dei same kvartala i 2022. Dei to siste kvartala auka sjukefråværet også i privat og statleg sektor, samanlikna med 2022.

Sjukefråværet i kommunane varierer mellom ulike sektorar. Sjukefråværet er både nasjonalt, og hjå oss, høgare innanfor helse og omsorg og barnehagar enn i t.d. administrasjon. Det er viktig å vere klar over at endringar i del årsverk i dei ulike sektorane har betydning for utviklinga i det samla, gjennomsnittlege sjukefråværsnivået. Demografisk utvikling og politisk prioritering har dei siste åra gitt ei sterk årsverksvekst i sektorane med høgt sjukefråvær relativt til sektorane med lågt sjukefråvær. Desse prosessane trekk i retning av ein auke i sjukefråværet sjølv om sjukefråværet i kvar sektor ikkje blir endra.

Denne tabellen viser fordeling korttidsfråvær og langtidsfråvær totalt i kommunen:

Type fråvær	1. kvartal	2.kvartal	3.kvartal	4.kvartal	Samla
Fråvær 1-16 dagar	2,6	1,5	1,6	2,5	2
Fråvær over 17 dagar	7,3	6	4,5	6,8	6,2
Total	9,9	7,5	6,1	9,2	8,2

Førebygging og oppfølging av sjukefråvær

Kommunen har gjennom heile 2023 hatt ulike gratis treningstilbod til alle tilsette i dei ulike bygdene. Treningstilbodet er variert og til ulike tider, slik at det skal vere mogleg å gå på trening uavhengig av arbeidsplan. Dette tilbodet er arrangert og vedlikehalde av Frisklivssentralen.

Eit anna verktøy som vil bidra til at me kan jobbe meir heilskapleg og datadrive for å førebyggje sjukefråvær er at me ønskjer å styrke den psykologiske tryggheta for våre tilsette. Dette er også ein grunnleggande del som ligg til grunn for tillitsbasert leiing. Ein sentral del av dette arbeidet har vore implementering av "Fearless Organizational Scan". Dette er eit verktøy som er designa for å måle og forbetre psykologisk trygghet på arbeidsplassen. Ved å nytte dette verktøyet vil me kunne identifisere nøkkelområde for forbetring. Dette vil legge til rette for målretta tiltak for å skape eit meir ope og trygt arbeidsmiljø. Dette vil vere ein viktig del av det førebyggjande, systematiske arbeidet for redusert sjukefråvær framover.

Erfaringane frå bruken av verktøyet har vore særst positive og verktøyet har vorte godt motteke på tvers av einingar. Som eit resultat av testinga har me sertifisert fire medarbeidarar som spesialistar på psykologisk trygghet for å vidareføre og forsterke dette arbeidet.

Forutan dette jobbar einingane aktivt med oppfølging av sjukemelde. Som del av oppfølginga skal det lagast ein oppfølgingsplan innan 4 veker, og det skal vere dialogmøte med arbeidstakar innan 7 veker. Tilrettelegging og eventuelt samarbeid med NAV/lege/bedriftshelseteneste skal vere tema og takast i bruk ved behov.

Uføregrad

Tabellen viser at når det gjeld uføredel ligg Sogndal kommune godt under snittet for kommunane i Vestland og området i KLP samla. Pr. 31.12.23 har kommunen 86 personar med ein uføregrad i KLP, der av 48 personar med 100 % uføregrad. I Statens pensjonskasse (SPK) har 4 personar ein uføregrad. Der av 2 personar med 100 % uføregrad.

Kommunar og bedrifter	Uføredel
Sogndal kommune	5,71
Vestland	8,31
KLP samla	10,32

Sjukepleiar	Uføredel
Sogndal kommune	6,06
Vestland	9,37
KLP samla	8,9

Arbeidsmiljøutvalet og administrasjonsutvalet

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) i Sogndal kommune har 6 medlemmar, der 3 representerer arbeidstakar (HVO) og 3 representerer arbeidsgjevar. Arbeidsmiljøutvalet hadde 4 møte i 2023.

Saker:

- Avvik (rapport lagt fram på kvart møte)
- Sjukefråværsstatistikk (rapport lagt fram på kvart møte)
- Tid for handling – Helsekommisjonen sin rapport
- KS – debattheft
- Nye gardar Kaupanger skule
- Mellombelse skulelokale Trudvang skule
- Internkontroll 2023
- Overordna risikovurdering helse og omsorg
- Nye lokale for rus og psykiatri i Sentrumsbygg
- Underutval AMU byggesaker

Administrasjonsutvalet i Sogndal kommune er sett saman av 5 personar, 3 av dei politikarar og 2 hovudtillitsvalde. Administrasjonsutvalet hadde 3 møte i 2023.

Saker:

- KS debatthefte
- Sjukefråvær

I tillegg har det vore orienteringar knytt til løypemelding om kommande reglement eller retningslinjer som vil komme til handsaming i administrasjonsutvalet, kvalitetssystemet og avvik, samt prosess knytt til medarbeidarundersøking

Medverknad mellom tillitsvalde, vernetenesta og leiing

Det var frikjøpt ei 100 prosent stilling som hovudverneombod (HVO) i 2023.

Hovudtillitsvalde (HTV) har frikjøpt tid for 2023 etter drøftingar i samsvar med reglane i hovudavtalen. Det er ulik grad av frikjøp for dei ulike organisasjonane.

Kommunedirektøren har hatt faste møte mellom kommunedirektør og HTV/HVO i 2023, samt at det er faste møte både på sektor- og einingsnivå i tillegg.

Gjennom særskilt andre halvår av 2023 nytta tillitsvalde, vernetenesta og leiarar tid saman for å utvikle kommunen basert på tillit. Arbeidet med tillitsreforma gjekk i løpet av fjoråret inn i ny fase. I første halvdel av 2023 var arbeidet lausleg organisert med eigne arbeidsgrupper frå økt til økt. Dette gav grunnlag for å reflektere i lag i partssamarbeidet rundt det som er annleis med denne måten å jobbe på. Det har vore nyttige, lærerike og gode økter, som i tillegg til å ha omhandla nyttige og viktige tema har vore med på å auke forståinga for kvarandre sine posisjonar på tvers av partssamarbeidet.

Partssamarbeidet har brukt tid i lag for å søke ei felles forståing for korleis me kan finne ein god måte å jobbe i lag på framover. Den viktigaste føresetnaden for å lukkast med denne måten å jobbe på er at alle i partssamarbeidet kan slutte seg til prinsippet om at me kan diskutere og endre organisering av kva som helst i heile organisasjonen under føresetnad om at ein brukar arbeidsforma frå tillitsreforma.

I partssamarbeidet har leiarane, dei tillitsvalde og verneomboda ulike roller. Likevel deler ein både ansvaret for og har interesse av at Sogndal kommune lukkast med å gjennomføre dei endringsprosessane som skal til for å vere i stand til å forme si eiga framtid. Det å stå i lag betyr ikkje å vere einige i alt som vert sagt undervegs.

HMT – Internkontroll – Kvalitetssystem

Kommunen har jobba vidare med plan som vart utarbeida i 2022 for helse- miljø og tryggleik med hovudmål og delmål for arbeidet.

Sogndal kommune har avtale med bedriftshelsetenesta Avonova og det har vore utarbeida ein eigen årleg handlingsplan for bruk av bedriftshelsetenesta (BHT). Denne er utarbeida for kvar sektor for 2023. I løpet av 2023 er det gjennomført obligatorisk arbeidsmiljøkurs/HMT- kurs for einingsleiarar og verneombod. Det er gjennomført vernerundar ved dei einskilte områda. Vernerunden er ei årleg vurdering av det fysiske og psykososiale arbeidsmiljøet på arbeidsstaden. I tillegg har me både overordna og for fleire sektorar starta med risikovurderingar.

TQM Enterprise er Sogndal kommune sitt kvalitetssystem. Dette er eit dokument- og avvikssystem. Systemet inneheld modular for avvikshandtering, risikostyring og

rutinebibliotek. Eit kvalitetssystem er eit verktøy for å systematisere og dokumentere internkontrollen i kommunen. Eit effektivt, godt og tilpassa kvalitetssystem vil bidra til å auke kvaliteten på tenestene våre. Ved å få på plass eit system som er tilpassa dagens og morgondagens drift vil me kunne sikre at me oppfyller lov- og forskriftskrav, førebyggje feil og manglar, forbetre effektiviteten i organisasjonen og drive førebyggjande arbeid knytt til risikoområde.

I 2023 har me gjort store endringar i kvalitetssystemet for å gjere det meir brukarvennleg og effektivt. Systemet er no fullautomatisert, noko som betyr at alle einingar og tilsette har tilgang til same oppdaterte informasjon. Me har òg laga opplæringsvideoar og hatt opplæring på mange einingar i kommunen. Dette har gjort at fleire tilsette no kan bruke systemet aktivt. Gjennom 2023 har ein hatt stor merksemd på og oppfølging knytt til grunnleggande bruk av systemet.

Arbeidet med kvalitetssystemet i 2023 har gitt fleire positive resultat:

- Me har auka bruken av systemet: Talet på tilsette som bruker systemet aktivt har auka kraftig.
- Me har fått meldt inn fleire avvik: Talet på avvik som blir melde inn har auka, noko som tyder på at tilsette er meir bevisste på viktigheita av å melde inn avvik.
- Automatisering av systemet har gjort det meir effektivt å finne informasjon og melde inn avvik.

Kompetanseheving og leiarutvikling

I 2023 har alle leiarane i kommunen jobba målretta og spesifikt med særskilt merksemd på tillitsreform og prinsipp for tillitsbasert leiing. Dette har lagt grunnlaget for tilnærminga til leiarutvikling, med mål om å fremje kultur som er prega av tillit, openheit, involvering og samarbeid.

Me har lagt stor vekt på å bygge lag blant leiarane for å fremje eit miljø der leiarane kan dra nytte av kompetanse på tvers og utnytte dette på best mogleg måte for heile organisasjonen. Dette samarbeidet er grunnleggande for å realisere ein tillitsbasert leiingskultur. For å lukkast har me jobba mykje med utviklinga av ein felles retning for leiarskapet. Ved å styrke tillit og trygghet i organisasjonen er utviklinga av ein felles retning for leiarskapen sentralt. Forutan dette har me hatt merksemd på å køyre prosessar som fremjar leiarane si sjølvinnsikt og evne til å forstå og støtte dei ein leiar på ein meningsfull måte. Ikkje minst har me jobba med å styrke ein «coachande» tilnærming til leiing som oppmodar tilsette til sjølvrefleksjon og sjølvleiing i samsvar med prinsippa om autonomi og tillit.

Me har introdusert og gjennomført månadlege leiarfrukostar for å styrke denne tilnærminga. Dette skal vere ein arena for kontinuerleg læring og engasjement i organisasjonen sine mål og verdier.

Sektorane jobbar i tillegg aktivt med kompetanseheving tilpassa satsingsområda til kommunen. Kva for kompetanse og korleis dette arbeidet er innretta kjem fram under sektorane sine avsnitt.

Lærlingar

Sogndal kommune er tilslutta Sogn opplæringskontor, som er eit tverrfagleg opplæringskontor. Sogndal kommune har vore ein pådrivar og føregangskommune for å auke tal lærlingar. Gjennom Sogn regionråd er det inngått partnerskapsavtale med NHO, LO og fylkeskommunen for fleire lære plassar i Sogn. Gjennom avtalen er det sett mål om 2,5 lærling per tusen innbyggjar.

Sogndal kommune har ved utgangen av 2023 30 lærlingar, der ein av desse er lærekandidat. Frå 2022 til 2023 auka kommunen tal lærlingar. Det vart starta 13 nye kontraktar i 2023. Kommunen har flest lærlingar i helsearbeidarfaget (17) og barne- og ungdomsarbeidarfaget (9). I tillegg har kommunen to lærlingar i faget dataelektronikar, ein i faget IT - drift og ein i faget kontor- og administrasjon.

Med dette har Sogndal kommune ved årets utgang av 2023 oppnådd målsetjinga om 2,5 lærlingar per tusen innbyggjar.

2.5 Etikk og likestilling

	Kommunalsjef		Tenesteleiarar		Avdelingsleiarar		SUM
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	
Administrasjon	2				1		3
Helse og omsorg	1		7	1	19		28
Oppvekst		1	19	8	1	2	31
Plan og samfunn	1		1	7	4	5	18
Sum	4	1	27	16	25	7	80

I organisasjonen samla er det overvekt av kvinner. Særleg hjå tenesteleiarar og avdelingsleiarar er det overvekt av kvinner, og særleg i helse og omsorg og i barnehagar er det overvekt av kvinner.

Ut ifrå eit likestillingsperspektiv hadde det vore ønskjeleg med fleire mannlege tilsette. I tilsettingsannonser presiserer me følgjande: «Me ønskjer eit arbeidsmiljø prega av mangfald, og at våre tilsette skal spegla folkesetnaden elles. Me oppfordrar alle som er kvalifiserte, til å søkja jobb hos oss uansett alder, funksjonsevne, kjønn eller minoritetsbakgrunn. Me legg vekt på å leggja til rette arbeidsforholda dersom du har behov for det».

Kommunen har gjennom partnerskapsavtale med NAV forplikta seg til å tilsette personar som av ulike grunnar elles har vanskar med å komme seg inn i den ordinære arbeidsmarknaden. Gjennom 2023 har fleire vore tilsett gjennom denne avtalen. Dette er eit pågåande arbeid som også vil vere med på å ivareta aktivitetsplikta kommunen har etter likestillings- og diskrimineringslova. Vidare har kommunen engasjert seg i prosjektet “Menn i helse”, som skal vere med på å bidra til at me får fleire menn i ein sektor som tradisjonelt har vore prega av å ha tilsett mange kvinner.

Kommunedirektøren har ikkje fått inn saker som omfattar brot på likestillings- og diskrimineringslova.

2.6 Heiltidskultur

I Sogndal kommune har me merksemd på korleis me skal jobbe med og utvikle ein heiltidskultur. I følgje KS er det i mange kommunar ufrivillig deltid som har hatt størst merksemd. Heiltidskultur vert kopla til eit frivilligheitsprinsipp som handlar om å kunne gje tilsette den stillingsstorleiken dei sjølve ønskjer. Dette sjølv om det ikkje nødvendigvis vil medføre at fleire jobbar meir. Mange ønskjer redusert arbeidstid og/eller har motvilje mot å arbeide fleire helgar og ubekvemsvakter.

Heiltidskultur er meir enn uønskt deltid. For å nå mål om likeverdige og gode tenester er det sentralt å sjå heiltidskultur i eit kvalitets- og brukarperspektiv. Ifølgje KS har forking og evalueringar dei seinare åra gjeve kunnskap om positive effektar av å arbeide for ein heiltidskultur, både ut ifrå arbeidsgjevar, arbeidstakar og brukar sin ståstad. Ein av konklusjonane er at verksemdar som satsar på heiltidskultur, har lettare for å trekkje til seg kompetent arbeidskraft, samt å behalde den. Heiltid gjer det lettare å utvikle gode fagmiljø og å tilby tenester av god kvalitet.

Det er eit mål for Sogndal kommune å tilsette flest mogleg i heile stillingar. Tala viser at me har oppnådd noko meir auke i stillingar gjennom 2023 då tal årsverk aukar meir enn tilsette, særskilt innanfor helse. TØRN-prosjektet som helse byrja med i haust vil også ha stor merksemd på alternative arbeidstidsordningar og vil bidra til å kunne få vekk ein del av den uønska deltida kommunen har.

Bemanningssentral skal også bidra til å få fleire tilsette i heile stillingar. Det har vorte oppretta ein pilot i 2023, men det er først gjennom 2024 ein ser effekt av bemanninga av denne. Ved bruk av ein bemanningssentral er det m.a. mogleg å fordele ekstravakter på færre og faglærde personar for å oppnå både meir robuste tenester med fleire heiltidsstillingar.



3 Økonomisk status – 2023

3.1 Nøkkeltal

Årsrekneskapen for 2023 syner eit netto driftsresultat på 22 mill. kr. Resultatet er om lag 45 mill. kr betre enn revidert budsjett.

Hovudårsaka til det positive resultatavviket er at generelle driftsinntekter vart 33 mill. kr høgare enn budsjettert. Her er det særleg omgjerung av trekk i rammetilskot grunna kraftinntekter, auka integreringstilskot, lågare netto finansutgifter, samt at inntekter på skatt og formue er noko høgare enn budsjettert.

Resultatet gjev ei netto avsetting til disposisjonsfond på om lag 15 mill. kr. Disposisjonsfondet består av fleire fond, og auken er samansett. Det var gjort ei netto avsetjing til parkeringsfond på 3,4 mill. kr, netto auke i integreringsfondet på 12,5 mill. kr, samt er det brukt 3 mill. kr av kraftfond II. Det generelle disposisjonsfondet auka då med om lag 2,5 mill. kr.

Økonomiske måltal for driftsresultat, disposisjonsfond og langsiktig gjeld er viktige for å sikre kommunen si evne til å finansiere aktiviteten og kunne møte forpliktingar på kort og lang sikt. Sogndal kommune oppfyller to av tre økonomiske måltal i 2023.

Måltal - relativt til brutto driftsinntekter	Måltal 2023	Resultat 2023
Netto driftsresultat	Meir enn 1,75 %	1,43 %
Disposisjonsfond	Meir enn 10 %	10,8 %
Langsiktig gjeld, inkl. formidlingslån	Mindre enn 85 %	83,4 %
Langsiktig gjeld eks formidlingslån		69,3 %

Netto driftsresultat utgjør 1,43 % av brutto driftsinntekter og er dermed lågare enn måltalet på 1,75 %.

På disposisjonsfondet står det per 31.12.2023 165 mill. kr. Disposisjonsfond utgjør 10,8 % av brutto driftsinntekter og størrelsen oppfyller vedteke måltal.

Langsiktig gjeld inkl. formidlingslån er på 1 272 mill. kr. Av dette utgjør investeringslån 1 057 mill. kroner medan formidlingslån utgjør 215 mill. kr. Langsiktig gjeld knytt til investeringar auka med 78 mill. kr, medan gjeld knytt til formidlingslån auka med 55 mill. kr. Langsiktig gjeld inkl. formidlingslån utgjør 83,4 % av brutto driftsinntekter. Langsiktig gjeld eks. formidlingslån utgjør 69,3 %. Gjeldsgraden er i tråd med vedteke måltal.

Kroner	31.12.2022	31.12.2023	Endring
Brutto driftsinntekter	1 429 211 660	1 526 215 758	97 004 098
Netto driftsresultat	-1 607 492	21 893 154	23 500 646
Disposisjonsfond	149 522 323	164 918 049	15 395 726
Bundne driftsfond	76 375 535	70 020 597	-6 354 938
Langsiktig gjeld, samla	1 139 756 521	1 272 404 649	132 647 128
Langsiktig gjeld, investeringslån	979 061 704	1 057 062 009	78 000 296
Langsiktig gjeld, formidlingslån	160 694 817	215 342 640	54 647 183

3.2 Hovudtal driftsrekneskapen (løyvingsskjema 1 - drift)

Innleiing

Løyvingsskjema 1 syner resultatet for felles inntekter og utgifter i 2023. Negative tal i avvikskolonna indikerer eit mindreforbruk (meirinntekt) relativt til revidert budsjett, medan positive tal indikerer eit meirforbruk (mindreinntekt).

I 2023 hadde kommunen 1 055 mill. kr i generelle inntekter, 33 mill. kr høgare enn revidert budsjett. Samstundes vart ramma til sektorane 987 mill. kr., 4,5 mill. kr. lågare enn budsjettet. Vidare vart netto finansutgifter 46,6 mill. kr, som er 7,7 mill. kr lågare enn budsjettet. Netto driftsresultat syner då 22. mill. kr, som er nesten 45 mill. kr betre enn revidert budsjett. Som følgje av dette resultatet vart det gjort ei avsetjing til disposisjonsfondet. Postane i løyvingsskjema 1 blir omtala nærmare vidare i kapittelet.

Løyvings-skjema 1	Opphavelag budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap 2023	Avvik
Rammetilskot	- 473 217 000	- 483 406 000	- 487 552 023	- 4 146 023
Inntekts- og formueskatt	- 379 971 000	- 373 846 000	- 388 159 841	- 14 313 841
Eigedomsskatt	- 74 974 435	- 79 024 435	- 78 916 274	108 161
Andre generelle driftsinntekter	- 65 574 000	- 86 493 000	- 100 831 391	- 14 338 391
Sum generelle driftsinntekter	- 993 736 435	- 1 022 769 435	-1 055 429 529	- 32 660 094
Sum frå løyvingsskjema 2, netto	958 678 872	991 385 152	986 901 000	- 4 484 152
Avskrivningar	70 390 000	70 390 000	75 538 154	5 148 154
Sum netto driftsutgifter	1 029 068 872	1 061 775 152	1 062 439 154	664 002
Brutto driftsresultat	35 332 437	39 005 717	7 009 624	- 31 996 093
Renteinntekter	- 10 500 000	- 15 000 000	- 16 816 323	- 1 816 323
Utbyte	- 8 000 000	- 15 320 000	- 15 489 391	- 169 391
Gevinst og tap på finansielle omløpsmiddel	- 3 500 000	- 3 500 000	- 7 965 381	- 4 465 381
Renteutgifter	40 500 000	47 150 000	45 906 781	- 1 243 219
Avdrag på lån	41 000 000	41 000 000	40 999 690	- 310
Netto finansutgifter	59 500 000	54 330 000	46 635 376	- 7 694 624
Motpost avskrivningar	- 70 390 000	- 70 390 000	- 75 538 154	- 5 148 154
Netto driftsresultat	24 442 437	22 945 717	- 21 893 154	- 44 838 871

Rammetilskot, inntekts- og formuesskatt

Rammetilskotet og skatteinntekter utgjør ein vesentleg del av inntektene til Sogndal kommune i 2023. Samla utgjorde inntektene på desse områda om lag 488 mill. kr. Sjølvmeirinntekta knytt til rammetilskot og skatt er på 18 mill. kroner. Meir spesifikt vart rammetilskotet 7,3 mill. kr høgare enn budsjettert, medan inntekter frå inntektsutjamninga vart 3,2 mill. kr lågare enn budsjettert. Årsaka er hovudsakeleg at kommunen fekk reversert trekk i rammetilskotet (trekket vart grunngjeve med at kommunane har hatt høge kraftinntekter).

Inntektene frå skatt på formue og inntekt var 14,3 mill. kr høgare enn revidert budsjett. Dette skuldast ein høgare skatteinngang nasjonalt enn året før.

Rammetilskot og skatt	Opphavelag budsjett	Rev budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
Rammetilskot inkl. inntekstutjamning	-473 217 000	-483 406 000	-487 522 023	-4 116 023	1 %
Skatt på formue og inntekt	-379 971 000	-373 846 000	-388 159 841	-14 313 841	4 %
Sum	-853 188 000	-857 252 000	-875 681 864	-18 429 864	2 %

Eigedomsskatt

Inntekter knytt til eigedomsskatt vart på 79 mill. kr i 2023. Dette er om lag 0,1 mill. kr lågare enn revidert budsjett. Dette avviket er hovudsakeleg knytt til at eigedomsskatt på næringseigedom vart 0,44 mill. kr høgare enn budsjettert, medan eigedomsskatt fast eigedom vart 0,53 mill. kr lågare enn budsjettert.

Eigedomsskatt	Opphavelag budsjett	Rev budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
Eigedomsskatt vasskraftanlegg	0	-17 868 000	-17 852 513	15 487	0
Eigedomsskatt energianlegg	-31 825 252	-252	0	252	-1
Eigedomsskatt næring	-13 369 052	-52	0	52	-1
Eigedomsskatt kraftnett	0	-14 496 000	-14 496 447	-447	0 %
Eigedomsskatt næringseigedom	0	-13 505 000	-13 944 009	-439 009	3 %
Eigedomsskatt fast eigedom	-29 780 131	-33 155 131	-32 623 305	531 826	-2 %
Sum	-74 974 435	-79 024 435	-78 916 274	108 161	0 %

Andre generelle driftsinntekter

Inntekter knytt til andre generelle inntekter i 2023 vart 101 mill. kr. Dette er om lag 14 mill. kr høgare enn revidert budsjett og utgjer i all hovudsak avvik knytt vertskommunetilskot, statstilskot knytt til flyktningar og naturressursskatt.

Konsesjonsavgift vart 0,1 mill. kr høgare enn revidert budsjett. Dette skuldast ei indeksregulering i 2023. Det vart også gjort ei indeksregulering på inntekter knytt til naturressursskatten som gjer at denne er om lag 0,8 mill. kr høgare enn revidert budsjett. Vertskommunetilskot vart 0,6 mill. kr høgare enn revidert budsjett. Aukn skuldast kompensasjon for prisvekst.

Det vart i utgangspunktet budsjettert med inntekter på 36 mill. kr i statstilskot knytt til flyktningar. I revidert budsjett vart det då lagt til grunn 55 mill. kr i integreringstilskot. Endeleg tilskot vart vesentleg høgare og landa på 67,8 mill. kr, omlag 12,8 mill. kr høgare enn revidert budsjett.

Andre generelle driftsinntekter	Opphavelag budsjett	Rev budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
Konsesjonsavgift	-2 492 000	-2 492 000	-2 569 819	-77 819	3 %
Inv. tilskot sjukeheimar og omsorgsbustad	-3 063 000	-3 766 000	-3 823 130	-57 130	2 %
Rentekompensasjon skule og kyrkjebygg	-90 000	-871 000	-935 081	-64 081	7 %
Vertskommunetilskot HVPU	-18 100 000	-18 535 000	-19 081 920	-546 920	3 %
Statstilskot flyktningar	-36 000 000	-55 000 000	-67 800 125	-12 800 125	23 %
Naturressursskatt	-5 829 000	-5 829 000	-6 621 316	-792 316	14 %
Sum	-65 574 000	-86 493 000	-100 831 391	-14 338 391	17 %

Finansutgifter – renter, avdrag, aksjeutbyte og finansavkastning

Samla vart netto finansutgifter 47 mill. kr, om lag 7,7 mill. kr lågare enn budsjettet.

I løpet av dei siste åra har rentenivået auka betydeleg. Norges Bank har gjennomført fleire rentehevingar i 2023, noko som har påverka både renteinntekter og renteutgifter. Til trass for budsjettrevidering vart inntektene høgare enn revidert budsjett. Samla vart renteinntektene 1,8 mill. kr høgare enn budsjettet. Av samla renteinntekter var omlag 1,6 mill. kr knytt til renteinntekter av fond som skal avsetjast. Samstundes vart også renteutgiftene noko høgare enn budsjettet, av same årsak. Renteutgiftene knytt investeringslån vart 0,3 mill. kr høgare enn budsjettet.

Aksjeutbyte vart 15,5 mill. kr, om lag 0,2 mill. kr høgare enn revidert budsjett. Inntektene frå aksjeutbyte er i all hovudsak knytt til utbyte frå Sognekraft AS. Meirinntekta er knytt til kundeutbyte frå Gjensidigestiftelsen og utbyte frå Fresvik Produkt AS som det ikkje var budsjettet med inntekter på.

Avkastning på finansielle omløpsmiddel vart 8,0 mill. kroner. Dette er 4,5 mill. kr betre enn revidert budsjett. Det har vore vesentlege svingingar i porteføljeverdien, og det har derfor ikkje vore gjort noko justeringar i forhold til budsjettet. Dette er nærmare omtalt i finans- og gjeldsrapporten.

Avdrag på lån er tett på budsjett og krav til betaling av minimumsavdrag er oppfylt.

Netto finansutgifter	Opphavelag budsjett	Rev budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
Renteinntekter startlån	-5 500 000	-8 000 000	-5 244 839	2 755 161	-34 %
Renteinntekter andre utlån	-500 000	-500 000	-1 601 963	-1 101 963	220 %
Renteinntekter, bankinnskot	-4 500 000	-6 500 000	-8 382 350	-1 882 350	29 %
Renteinntekter av fond som skal avsetjast	0	0	-1 554 859	-1 554 859	-
Renteinntekter annet og morarenter	0	0	-32 313	-32 313	-

Kundeutbytte Gjensidigestiftelsen	0	0	-164 791	-164 791	-
Fresvik Produkt AS	0	0	-3 000	-3 000	-
Aksjeutbyte Sognekraft	-8 000 000	-15 320 000	-15 321 600	-1 600	0 %
Avkastning på finansielle omløpsmiddel	-3 500 000	-3 500 000	-7 965 381	-4 465 381	128 %
Renteutgifter startlån	5 500 000	8 000 000	6 461 779	-1 538 221	-19 %
Renteutgifter andre lån	35 000 000	39 150 000	39 445 002	295 002	1 %
Renteutgifter, annet	0	0	0	0	-
Avdrag på lån	41 000 000	41 000 000	40 999 690	-310	0 %
Sum	59 500 000	54 330 000	46 635 376	-7 694 624	-14 %

Disponering eller dekking av netto driftsresultat

Tabellen nedanfor syner avviket mellom budsjettert bruk og avsetting fond og rekneskap 2023. Avviket er på til saman 44,8 mill. kr. Avviket er primært forklart med redusert bruk av disposisjonsfond på 38,5 mill. kr. I tillegg er det er ein lågare netto bruk av bundne fond på sektor enn det som var budsjettert, som igjen gjev ein høgare samla netto avsetting enn budsjettert.

Samla aukar disposisjonsfondet med 15 mill. kr frå januar 2023 til desember 2023. Bundne fond vert redusert med om lag 6 mill. kr. Merk at oversikt over saldo på ulike fond ligg i rekneskap 2023 kap. 5 og 6. Oversikta er ikkje gjenteke i årsrapporten.

Overføring til investering, bruk og avsetting til bundne fond og disposisjonsfond er omtala etter tabellen.

Disponering eller dekking av netto driftsresultat	Opphavelag budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap 2023	Avvik	Avvik i %
Overføring til investering	2 880 000	12 222 000	12 850 232	628 232	5 %
Avsetjing til bundne driftsfond	2 787 698	3 862 698	11 587 881	7 725 183	200 %
Bruk av bundne driftsfond	-14 472 722	-15 244 862	-17 942 708	-2 697 846	18 %
* Herav frå Løyvingsskjema 2	-11 685 024	-12 482 164	-3 477 387	9 004 777	-72 %
Avsetjing til disposisjonsfond	36 850 516	61 050 516	61 637 852	587 336	1 %
Bruk av disposisjonsfond	-52 487 929	-84 836 069	-46 240 103	38 595 966	-45 %
* Herav frå Løyvingsskjema 2	-36 311 392	-50 003 532	-49 935 478	-68 054	0 %

Dekking av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0	-
Sum disponeringar eller dekking av netto driftsresultat	-24 442 437	-22 945 717	21 893 153	44 838 870	-195 %
Framført til inndecking i seinare år	0	0	0	0	-

Overføring til investering

Budsjettert overføring til investering vart 12,9 mill. kr, som var 0,6 mill. kr meir enn revidert budsjett. Denne posten viser dei investeringane som i 2023 er finansiert av midlar frå driftsbudsjettet, bundne fond og disposisjonsfond. Dette dreier seg blant anna om mindre investering i reinhaldsutstyr og utstyr til garderobeanlegg på Kaupanger skule og SFO, samt litt større investeringar på 2,5 mill. kr i feiebil, 3 mill. gjeld utlån til Sognahallen og 2,8 mill. kr gjeld kjøp av bustader. I tillegg utgjør eigenkapitaltilskotet til KLP 2,9 mill. kr av denne posten. Tilskotet må finansierast med eigne midlar, då det i kommunelova ikkje er høve til å lånefinansiere dette.

Bundne fond

Avsetjing knytt til bundne driftsfond vart 11,6 mill. kr, om lag 7,7 mill. kr høgare enn revidert budsjett. Den budsjetterte avsettinga gjeld avsetjing til renter på fond og konsesjonsavgiftsfondet. Avviket dreiar seg meir spesifikt om periodisering av prosjektmidlar på sektorområda og ei noko høgare avsetjing enn budsjettert til konsesjonsavgiftsfondet og renter.

Samla bruk av bundne fond vart 17,9 mill. kr, om lag 2,7 mill. kr høgare enn revidert budsjett. Bruk av fond på sjølvkostområda er omlag 5 mill. kr lågare enn budsjettert. Medan bruk av fond knytt til periodisering av prosjektmidlar er høgare enn budsjettert. Det er rydda i gamle fond og 4,8 mill. kr er overført frå bundne fond til disposisjonsfond. Denne ryddinga er ikkje budsjettert og synast som bruk av bundne fond og avsetjing til disposisjonsfond.

Disposisjonsfond

Bruk av disposisjonsfond vart samla sett 46,2 mill. kr, 38,6 mill. kr lågare enn revidert budsjett, medan avsetjing til disposisjonsfond vart 61,6 mill. kr, 0,6 mill. kr høgare enn revidert budsjett.

Opphøveleg var det lagt til grunn bruk av disposisjonsfond for å saldere årets budsjett. Grunna betre resultat enn budsjettert vart bruk av disposisjonsfond redusert med 38,6 mill. kr. I samband med årsoppgjeret er parkeringsfondet styrka med 6,0 mill. kr, tilsvarende overskotet på drift av parkering i 2023. Flyktningfondet er styrka med 12,8 mill. kr tilsvarende meirinntekter på grunn av høg busetting i 2023.

På tenesteområde (løyvingsskjema 2) vart det budsjettert med netto bruk av disposisjonsfond på 50 mill.kr. Rekneskapen syner netto bruk på 49,9 mill.kr. Dette er tett på revidert budsjett. Bruk av fond på sektor gjeld primært integreringstilskot.

4 Status for drifta - per tenesteområde

Tabellen nedanfor syner at sektorområda hadde eit samla meirforbruk på 4,6 mill. kr. i 2023. Meirforbruket er dekkja av sentrale inntekter. Vesentlege budsjettavvik på tenesteområda er kommentert sektorvis etter tabellen.

		Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Sum drift	910 682 456	928 899 456	933 488 135	4 588 679	0 %
10	Administrasjon	40 470 992	38 936 992	44 019 543	5 082 551	13 %
20	Oppvekst	331 093 825	352 716 525	353 785 516	1 068 991	0 %
40	Helse og omsorg	355 334 539	384 526 839	401 352 118	16 825 279	4 %
50	Plan og teknisk	112 982 650	101 309 650	98 871 597	-2 438 053	-2 %
55	Samfunn, kultur og innovasjon	70 800 450	75 731 650	66 391 810	-9 339 840	-12 %
60	Kraft	-34 000 000	-31 800 000	-33 894 659	-2 094 659	7 %
65	Fellesområde pensjon og lønnsavsettingar	34 000 000	7 477 800	2 962 210	-4 515 590	-60 %

Status for overordna mål og områdesatsingar på sektornivå er oppsummert i tabell der status er fargekoda ihht følgjande:

- Grøn = tiltaket er gjennomført og leverer på målsett nivå
- Gult = tiltaket er sett i verk, men krev framleis vidare merksemd og innsats
- Raud = tiltaket er ikkje sett i gang eller avslutta

4.1 Administrasjon

Kort om sektorområdet

Administrasjon og innovasjon omfattar kommunedirektørområdet og støttetjenester. Lærlingane er plassert under kommunedirektørområdet. Støttefunksjonane omfattar HR, arkiv, økonomi, politisk sekretariat, samt diverse fellestenester som m.a. juridisk støtte og personvern. Administrasjonen hadde eit samla meirforbruk på 5 mill. kr. i 2023. Overforbruket gjeld fellesansvar HR og støttetjenester og vert kommentert under.

		Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Administrasjon	40 470 992	38 936 992	44 019 543	5 082 551	13 %
100	Kommunedirektør	3 677 423	3 778 123	3 867 385	89 262	2 %
130	Fellesansvar HR og støttetjenester	25 518 191	23 634 391	29 545 522	5 911 131	25 %
160	Økonomi	11 275 378	11 524 478	10 606 636	-917 842	-8 %

Overordna mål og områdesatsingar i 2023

Kommunen skal ha gode, likeverdige og kostnadseffektive tenester.

Administrasjonen yter tenester som er viktige for alle delar av organisasjonen. For å sikre drift, utvikling og styring er det vesentleg å samle dei funksjonane som kan bidra til å styrke samordning og heilskaplege løysingar. Dei tilsette må ha ein samla kompetanse som gjer det mogleg å gje fagleg støtte til sektorane. Sektoren er òg sentral i å legge til rette for god politisk styring. Administrasjonen skal legge til rette slik at heile organisasjonen kan utøve oppgåvene sine på ein effektiv måte, gjennom å utvikle og drifte fellesoppgåver og samhandlingsløysingar og legge til rette for utviklings- og innovasjonsarbeid.

Gjennom 2023 har administrasjonen jobba mykje med å sjå på om me kan løysa bemanningsutfordringar ved sjukdom, permisjonar og vakansar på ein betre måte enn med mellombelse vikarar og bruk av vikarbyrå. Som følgje av dette har me oppretta ein bemanningssentral. Faste tilsette, i staden for vikarar, vil gje ein meir føreseieleg kvardag for både tenestemottakarar og dei tilsette. Kommunen har fleire prosjekt som skal rusta oss for utfordringane i åra framover. Om me skal klara å oppretthalda eit godt og forsvarleg tilbod, må me tenka annleis. Dette må me gjera samstundes som me tilbyr dei tilsette ein god, trygg og spanande arbeidsplass. Administrasjonen er viktige bidragsytarar for at sektorane skal nå sine overordna mål og satsingar og fleire av dei som er lista under er administrasjonen ein del av arbeidet i.

Eininga har sertifisert fire medarbeidarar som skal jobbe målretta med psykologisk trygghet i heile organisasjonen, jf. avsnitt om førebyggjande arbeid med sjukefråvær.

Økonomiavdelinga har jobba med ulike digitaliseringsprosjekt.

Kommunedirektør

Kommunedirektøransvaret hadde eit marginalt meirforbruk i 2023.

		Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Kommunedirektør	3 677 423	3 778 123	3 867 385	89 262	2 %
100	Kommunedirektør	3 677 423	3 778 123	3 867 385	89 262	2 %

Fellesansvar HR og støttetjenester

Samla har HR og støttetjenester eit meirforbruk på 5,9 mill. kr. Meirforbruket skuldast endringar i bemanning gjennom 2023, at ein har fleire årsverk enn det som har vore budsjettet for at og at ein ikkje har realisert innsparing knytt til pensjonsavgang som førespeгла. Eininga har måtte tilføre kompetanseheving for tilsette gjennom kurs o.l., samt hatt utgifter til endra bemanning for å svare ut nasjonale krav, lovpålagte oppgåver og endringar i drifta. Kvar av desse er kommentert på ansvara under. Eininga har ikkje fått tilpassa drift og organisering på best mogleg måte knytt til resten av organisasjonen. Dette medfører eit stort behov for å gjere eit stort arbeid knytt til omstilling og endring av korleis me leverer og organiserer arbeidet vårt, for at kommunen skal vere rigga til å møte framtida sitt behov for tenester.

Administrasjonen vil vere sterk bidragsytar i arbeidet med omstillingsprosjektet

SK2027 og fleire av prosessane vil vere rigga av administrasjonen. Dette arbeidet vart påbyrja på slutten av 2023, men vil først medføre effekt og gevinst i 2024. Lærlingsvaret hadde meirforbruk på 0,2 mill. kr.

Bemanningssentralen har gjennom 2023 rigga og lagt til rette for å teste ut pilotering av ei slik ordning. Dette har medført nokre mindre systemkostnader og ein har tilsett ein person her på slutten av året som skal følgje opp drifta av denne på sikt. Resultatet av pilot og bemanning vil komme på plass i løpet av 2024. HR skal vere støttespelar for gode tenester kvar dag og rigge organisasjonen for framtida. Avdelinga skal gjere organisasjonen best mogleg gjennom å legge til rette for gode avgjersler ute i tenestene slik at me kan tilby gode kvardagar til innbyggjarane våre og ha merksemda framover. Eininga skal i stor grad bidra til at me skal tilpasse oss dei krav og jobbe godt mot dei utfordringar som treff organisasjonen i framtida. I dette ligg det å bidra til ein god rigg for å stå i krevjande omstillingsarbeid og gi dei støttetjenester som organisasjonen til ei kvar tid har behov for.

		Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Fellesansvar HR og støttetjenester	25 518 191	23 634 391	29 545 522	5 911 131	25 %
101	Lærlingar	4 162 809	2 922 809	3 115 502	192 693	7 %
130	Fellesansvar HR og støttetjenester	247 186	289 286	1 207 146	917 860	317 %
132	Arkiv	3 761 428	4 271 228	5 271 494	1 000 266	23 %
135	Personal og lønn	9 254 648	9 666 948	12 287 654	2 620 706	27 %
136	Bemanningssentral	1 800 274	-127	198 080	198 207	-156068 %
150	Politisk verksemd	6 291 844	6 465 845	7 465 646	999 801	15 %
159	Sogn regionråd	2	18 402	0	-18 402	-100 %

Fellesansvar HR og støttetjenester

Fellesansvar stab har eit meirforbruk på ca. 0,9 mill. kr i 2023. Meirforbruket skuldast ikkje realisert innsparingskrav som vart lagt på dette ansvaret i 2023.

Innsparingskravet bør ikkje ligge på eit ansvar åleine og må sjåast under heile administrasjonen for 2024. Alle utgifter knytt til tillitsvald- og verneombodsordninga og felles lisenskostnader er lagt på dette ansvaret.

Arkiv og innbyggartorg

Arkivet utfører arkivtenester for Sogn regionråd, Miljøretta helsevern, Sogn PPT, Sogn barnevern og Sogn brann og redning. Arkivtenesta har noko høgare utgifter enn budsjettet. Dette skuldast i all hovudsak at ein har fleire årsverk enn det som er budsjettet, ikkje fått effekt av førespegla pensjonsavgang, samt fått effektivisert drifta tilstrekkeleg. Arkivet jobbar fortsatt med rydding, ordning og katalogisering av eldre papirarkiv etter 1964. Det er mykje av dette materialet som er uorganisert og det medfører kostnader å ta att etterslepet. Det er behov for å sjå på ei meir samordna og organisert drift av arkiv og dokumentsenter for organisasjonen. Dette er eit arbeid som vil starte i 2024.

Personal og lønn

Personal og lønn har eit meirforbruk på 2,6 mill. kr i 2023. Dette skuldast endringar i stillingar og krav som har komme til gjennom året som det ikkje har vore tilstrekkeleg grad budsjettert for. Dette er t.d. avtale om kjøp av personvernombod i lag med Årdal og Lærdal kommune, samt personvernstilling delt med dei same kommunane. Dette var ei stilling som tidlegare var budsjettdekning for, men som grunna vakanse vart teke bort i tidlegare budsjettprosess. Personal og lønn har hatt behov for å kjøpe nokre lønnstenester eksternt grunna frávær. I tillegg har det vorte flytta ei stilling som ikkje har fått rekneskapsmessig konsekvens for 2023. Eininga har gjennom året fasilitert og følgd opp revidering av reglement og retningslinjer, bidrege til risikovurderingar, AMU, kvalitets- og avvikssystem, leiarutviklingsprogram og lønnsforhandlingar.

Politisk verksemd

Sekretariat for politisk verksemd er ei gruppe på 5 tilsette, der ein av desse stillingane er ei 100 % fast stilling knytt til formannskap og kommunestyre. Dei ulike politiske organa er fordelt mellom dei tilsette, slik at alle har faste utval eller råd ein har ansvar for. Sekretariatsgruppa jobbar med å få felles rutinar og oppgåver, slik at ting blir gjort rett og på lik måte. Overforbruket på 0,9 mill. kr. er fordelt på fleire mindre postar, men knyter seg hovudsakleg til valprosessen ved kjøp av varer og tenester, samt tenestefrikjøp.

Økonomi

Økonomi hadde eit mindreforbruk i 2023 på 0,9 mill. kr. Dette skuldast vakante stillingar, permisjonar og noko lågare utgifter til revisjon. Økonomiavdelinga har nytta noko konsulent og rådgjevingstenester i samband med budsjett og årsavslutning. Økonomiavdeling har 9,5 årsverk. Digitaliseringarbeidet held fram og det har i 2023 vore ein innsats på fleire område m.a. fakturahandsaming, fleksibel fakturering og eBudsjett. Økonomiavdelinga gjennomførte i 2023 anbod på hovudbankavtale, samt rådgjevingstenester i løpet av året. Fleire avtalar er i tillegg reviderte gjennom innkjøpssamarbeidet (INSS).

		Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Økonomi	11 275 378	11 524 478	10 606 636	-917 842	-8 %
160	Økonomi	11 275 378	11 524 478	10 606 636	-917 842	-8 %

4.2 Oppvekst

Kort om sektoren

I Sogndal kommune er det 12 kommunale barnehagar, 4 private barnehagar, 9 grunnskular, Sogndal opplæringssenter, Kringsjå leirskule, helsestasjon – og skulehelsetenesta, Sogn barnevern, og Sogn PPT. Samla sett er det om lag 2700 barn og unge i Sogndal kommune som er i alderen 0–18 år. Tilsette som arbeider med barne og unge i Sogndal kommune yter høg innsats og har ulik fagbakgrunn og kompetanse. Satsinga på betre tverrfagleg innsats er nøkkelen til heilskaplege tenester for born og unge.



Samla sett i 2023 var det eit netto meirforbruk på oppvekst på 1,1 mill. kr.

		Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Oppvekst	331 093 825	352 716 525	353 785 516	1 068 991	0 %
200	Felles oppvekst	7 861 115	8 647 130	11 798 080	3 150 950	36 %
210	PPT, helsestasjon, barnevern, 399 og Kringsjø	32 953 011	31 249 611	27 562 998	-3 686 613	-12 %
250	Barnehage	126 617 449	133 064 734	130 888 831	-2 175 903	-2 %
300	Skule	163 662 250	179 755 050	183 535 608	3 780 558	2 %

Overordna mål og områdesatsingar i 2023

Sogndal kommune har eit mangfald av barn og unge med ulike føresetnadar, behov, interesser, mål og draumar. Tilsette i Sogndal kommune skal møte alle barn og unge med tillit og respekt, og gje dei tryggleik, kunnskap, dugleik og haldningar, slik at dei meistarar liva sine og kan delta i fellesskapet jf. formålsparagrafen til opplæringslova.

Ei overordna satsing for Sogndal kommune i 2023 har vore førebyggjande arbeidet mot åtferdsvanskar og omsorgssvikt arbeidet. I desember vedtok kommunestyret temaplanen *Saman samtidig for barn og unge* i Sogndal kommune for perioden 2024-2026. Overskrifta er i seg sjølv eit mål, og peikar i retning av Sogndal kommune

sin visjon livskvalitet og utviklingskraft i Sogn og mot samfunnsmåla livskvalitet, skaparkraft og miljømedvit.

Mål med omtale av satsinga	Aktivitet i 2023	Status
Nettverk: Ta del i regionsamarbeidet System for styrka læring. Samarbeide i nettverk i kommunen og i regionen om implementeringa av fagfornyinga – nye læreplanar i skulen og tilpassa opplæring, tverrfagleg samarbeid på barnehage.	Det har vore arrangert fellessamlingar for tilsette i skule og barnehage med variert deltaking frå tilsette i Sogndal kommune.	
Slutførte prosjekt «frå spesialundervisning til tilpassa opplæring» Arbeidet har vore organisert som eige prosjekt, med deltaking frå barnehage, skule og PPT.	Prosjektet er avslutta og vert følgd opp av tenesteleiarane gjennom struktur for kvalitetsutvikling	
Nytte moglegheitene som ligg i samlokaliseringa av oppveksttenester i Dalavegen 2 til ein modell rundt «Familiens hus», med samhandling rundt tenestetilbodet til innbyggjarane i kommunen.	Ny overordna organisering av oppvekstsektoren er sett i verk med strukturar for auka samhandling mellom dei fem tenesteområda og strukturar for samhandling. Det er framleis eit stykke arbeid att. Arbeidet med barnevernsreforma/ oppvekstreforma er godt i gang. Planen «Saman samtidig for barn og unge i Sogndal kommune» vart vedteken i kommunestyret 14.12.23	
Vurdere korleis tilbodet for psykisk helse for barn og unge bør organiserast.	Prosjektet “Livsmestring og robuste barn” har levert rapporten etter kartlegging og er no i ein fase der det skal prøvast ut tiltak i barnehage og skular. Det er etablert arbeidsgrupper knytt til dei to tiltaka i Sogndal kommune. Kva lågterskel psykisk helsetilbod ein skal ha for barn og unge har blitt jobba med i slutten av 2023, og vil halde fram våren 2024.	
Nytte nasjonale tilskotsordningar til å supplere eige tenestetilbod gjennom prosjektmidlar, døme kan vere: • Læringsmiljøprosjektet • Vidareutdanning av barnehagelærarar og lærarar (udir) • Ulike Bufdir-prosjekt	Tenestene søker ulike regionale og nasjonale tilskotsordningar for å styrka eige tenestetilbod. Mange av ordningane krev kommunal medfinansiering og eigne rapporteringsrutinar. Utfordringa er at nasjonale støtteordningar ikkje alltid bygger opp under dei lokale måla og det kan vere sær	

Søkt midlar og fått finansiering frå Helsedirektoratet, fylkeskommunen og Statsforvaltar	ressurskrevjande å følgje opp tilskot.	
Sogndal kommune skal vere ein aktiv bidragsytar i regionalt samarbeid til beste for barn og unge, bidra til å heve kompetansen til leiarar og tilsette, og vere pådrivarar for utvikling av tenestene våre i regionen.	Sektoren deltek i det regionale samarbeid knytt til "System for styrka læring" på ulike nivå mellom anna arrangering av fagnettverk for skular og barnehagar.	
Samarbeid med HVL på dei fagområda som oppvekstsektoren representerer, særleg gjennom - å ta imot studentar i praksis - avtale om at Leikanger ungdomsskule er lærarutdanningsskule - avtale om lærarutdanningsbarnehage Fosshagen utdanningsbarnehage - nært samarbeid med Senter for fysisk aktiv læring (SEFAL) ved HVL for auka merksemd på fysisk aktiv læring.	Sektoren har eit tett og godt samarbeid med HVL på dei ulike områda. Dette både for å ta i vare vertskommunerolla, barnehage- og skuleutviklinga og eige behov for å rekruttere nye lærarar og barnehagelærarar. Sogndal kommune treng fleire dyktige medarbeidarar framover.	
Det er tilsett i stilling som offentlig doktorgradsstipendiat i samarbeid med andre. Stillinga starta opp i august 2022	Sektoren har saman med HVL søkt og fått ekstern finansiering til om lag 75 % stilling av ei Phd-stilling. Oppvekstsektoren restfinansierer 25 % av stillinga.	
Samhandlingsmodellen betre tverrfagleg innsats (BTI) i sektoren	BTI-modellen er arbeidsforma for barnehagane og skulane i Sogndal kommune. Gjennom det tverrfaglege arbeidet har ein heva kompetansen til tilsette i arbeidet med å skape trygt og godt oppvekstmiljø. BTI og Visma stafettlogg tryggar samhandlingane mellom tenestene. I oppvekstsektoren har ein hatt ei toårig prosjektstilling som rådgjevar barn og unge som varer fram til våren 2024.	

Fellesområde oppvekst

Fellesansvar for oppvekst hadde eit meirforbruk på 3,1 mill. kr. i høve budsjett. Meirforbruket må sjåast i samanheng med mindreforbruket på felles skule. Det gjeld særleg knytt til kjøp tenester frå interkommunalt samarbeid. I tillegg har det vore ekstra utgifter knytt til lisensar og dataprogram, samt innføringa av desse. Dette utgjorde ei samla meirforbruk på 1,4 mill. kr.

		Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Felles oppvekst	7 861 115	8 647 130	11 798 080	3 150 950	36 %
200	Fellesansvar oppvekst	6 450 732	7 736 747	11 798 080	4 061 333	52 %
201	Innsparingstiltak oppvekst	1 410 383	910 383	0	-910 383	-100 %

Barnehage

Barnehagane har samla sett eit forbruk på kr 130,9 mill. kr i 2023, noko som er mindreforbruk på kr 2,2 mill. kr. i høve budsjett.

Fellesansvar for barnehagar har eit samla mindreforbruk på kr 1,7 mill. kr. På nokre postar er det likevel meirforbruk, og på nokre postar er det mindreforbruk, som t.d. "styrka tilbod til førskulebarn" med om lag 3,8 mill. kr. Postar med meirforbruk er overføring til andre (private barnehagar) på 1 mill. kr. og 0,2 mill. kr knytt til kjøp av tenester frå andre kommunar. Vidare er det eit meirforbruk knytt til kjøp av lisensar på dataprogram på omlag 0,3 mill. kr.

Dei einskilde barnehagane har ikkje dei store avvika. Nokre med mindreforbruk, og nokre med meirforbruk. Dette går i hovudsak på lønskostnader knytt til vikarar, bemanning, brukarbetaling.

I tillegg vart refusjon frå andre kommunar lågare enn budsjettet. Dette skuldast m.a. at kommunen ikkje har rett til å få dekt kostnader for barn som har plass i kommunale barnehagar hjå den kommunen der barnet er folkeregistrert. Ein samarbeidsavtale mellom kommunar i gamle Sogn og Fjordane hindrar kommunen å få dette tilskotet som gjeld barn i Studentbarnehagen.

		Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Barnehage	126 617 449	133 064 734	130 888 831	-2 175 903	-2 %
250	Fellesansvar barnehage inkl. spesped	9 635 799	8 901 984	7 252 602	-1 649 382	-19 %
255	Sagatun barnehage	5 466 348	5 799 848	5 707 401	-92 447	-2 %
256	Fjordtun barnehage	1 735 998	1 807 198	1 594 283	-212 915	-12 %
257	Fjærland barnehage	1 423 610	1 490 810	1 608 647	117 837	8 %
258	Ylvisåker barnehage	3 743 311	4 443 111	4 768 183	325 072	7 %
259	Notsete barnehage	3 966 887	4 164 187	4 364 780	200 593	5 %
260	Kyrkjebakken barnehage	5 984 337	6 307 437	5 117 684	-1 189 753	-19 %
261	Kjørnes barnehage	11 937 467	13 130 367	13 123 982	-6 385	-5 %
262	Furuli barnehage	10 676 056	11 358 056	12 543 625	1 185 569	10 %
263	Fosshagen barnehage	15 820 940	16 518 640	15 795 395	-723 245	-4 %
264	Nybø barnehage	7 015 079	7 786 679	7 643 119	-143 560	-2 %
265	Henjahaugane barnehage	5 802 995	6 166 895	5 980 770	-186 125	-3 %

266	Kvernhushaugen barnehage	4 743 622	4 924 522	5 143 216	218 694	4 %
280	Sogndal studentbarnehage	7 858 000	8 428 000	8 419 483	-8 517	0 %
281	Stedje barnehage	10 892 000	11 092 000	11 088 348	-3 652	0 %
282	Rones barnehage	12 729 000	13 679 000	13 670 410	-8 590	0 %
283	Askedalen barnehage	7 186 000	7 066 000	7 066 902	902	0 %

Skule

Skulane har eit forbruk på 183,5 mill. kr. i 2023, noko som er eit meirforbruk på 3,8 mill. kr.

Fellesansvaret for skulane har eit mindreforbruk på 1,0 mill. kroner og skuldast i hovudsak kjøp av tenester. Skulane nyttar ein ressursfordelingsmodell til budsjettering per skule. Modellen er retningsgivande knytt til årsverk og til budsjettbeløp.

Frå 01.08.2023 vart det innført 12 timars gratis SFO for elevar i 1. og 2. klasse. Dette gjev alle skular med SFO-tilbod lågare inntekter frå foreldrebetaling. Frå 01.08.2024 vil tilbodet om gratis SFO bli utvida til også å gjelde elevar i 3. klasse. På bakgrunn av ei stegvisvis innføring den nasjonale ordninga med gratis 12-timars SFO og ei uføreseieleg årleg auke i tal born som deltek på SFO tilbodet er det krevjande å budsjettere SFO på rett nivå.

Meirforbruket ved Trudvang skule skuldast i stor grad auke i tal tilsette i tilbodet til elevar med behov for tilrettelagde opplæring og helsetenester. På nokre av dei andre skulane er dei samla kostnadane for elevar med behov tilrettelagt opplæringstilbod og helsetenester fordelt på fleire tenester. På dette området er ikkje budsjettfordelingsmodellen eller praksisen tilpassa den nye kommunen.

		Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Skule	163 662 250	179 755 050	183 535 608	3 780 558	2 %
300	Fellesansvar skule	14 375 483	14 379 483	13 316 612	-1 062 871	-7 %
310	Sagatun skule og SFO	13 516 245	17 582 345	17 647 347	65 002	0 %
315	Fjordtun skule og SFO	1 848 000	1 902 900	1 736 963	-165 937	-9 %
320	Fjærland skule og SFO	2 762 295	2 916 395	2 959 150	42 755	1 %
325	Norane skule og SFO	4 671 830	4 970 230	5 292 487	322 257	6 %
330	Kaupanger skule og SFO	21 927 067	24 403 167	24 618 624	215 457	1 %
335	Trudvang skule og SFO	34 560 876	38 732 676	43 888 755	5 156 079	13 %
340	Kvåle skule	37 114 003	39 225 903	39 182 122	-43 781	0 %
345	Leikanger barneskule og SFO	19 185 006	20 743 106	21 510 324	767 218	4 %
350	Leikanger ungdomsskule	13 701 445	14 898 845	13 383 225	-1 515 620	-10 %

PPT, helsestasjon, barnevern, 399 og Kringsjå

PPT, helsestasjon, barnevern, 399 og Kringsjå har eit samla mindreforbruk på 3,7 mill. kr. Når det kjem til dei interkommunale samarbeida som PPT, Logopedi og Sogn Barnevern vil desse bli kommentert i kapittel 6.

Helsestasjon hadde i 2023 eit mindreforbruk på 1,6 mill. kr. Dette skuldast sjukefråvær og vakanse. Ved sjukefråvær og vakanse har det vore lyst ut stillingar, men ein har hatt fråvær av kvalifisert personell og søkjarar til nokre av stillingane som er av kortare varigheit.

		Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	PPT, helsestasjon, barnevern, 399 og Kringsjå	32 953 011	31 249 611	27 562 998	-3 686 613	-12 %
210	Sogn PPT	34 450	57 950	0	-57 950	-100 %
211	Logopedi	-10 860	-10 860	0	10 860	-100 %
220	Sogn barnevern	0	0	0	0	0 %
221	Sogn barnevern - tiltak Sogndal	21 600 337	19 524 237	17 085 462	-2 438 775	-12 %
222	Sogn barnevern - tiltak Luster	-96 984	-96 984	0	96 984	-100 %
229	Sogn barnevern - Lågterskel	0	0	-1 605 235	-1 605 235	0 %
230	Helsestasjon	9 824 321	9 441 021	8 792 678	-648 343	-7 %
390	Kringsjå leirskule	-161 366	-64 366	100 763	165 129	-257 %
399	Sogndal opplæringscenter	1 763 113	2 398 613	3 189 330	790 717	33 %

4.3 Helse og omsorg

Kort om sektoren

Sektoren består av sju einingar, dette omfattar tre sjukeheimar, tre soner for heimetenester, legeteneste med tre soner, psykiatri og rus, fysioterapi, ergoterapi, fire soner bu og miljøteneste, samt tildelingskontoret. Fem av einingane har døgnkontinuerlege tenester. Sektoren har òg fellestenester som ligg i direkte linje under kommunalsjef. Fellesområdet helse og omsorg består av kommuneoverlege, miljøretta helsevern, og rådgjevarar. Fellesområdet har òg sakshandsaming i skjenkesaker i Sogndal kommune.

Dei tre sjukeheimane tilbyr alle korttidsopphald, avlastningsopphald, rehabiliteringsopphald og langtids plass. Kommunen sitt tilbod innanfor KAD (kommunal akutt døgneining) er plassert ved Sogndal helse- og omsorgssenter (SHOS).

Overordna skal sektor for helse og omsorg sikra innbyggjarane helse- og omsorgstenester, med vekt på sjølvstende og meistring. Me skal leggja til rette for eit godt samarbeid med tenestemottakarar og pårørande, og leggje vekt på kva som er viktig for den enkelte.

Sogndal kommune skal tilby fleksible, koordinerte og framtidsretta helse- og omsorgstenester med rett kompetanse til rett tid.

Opphavelg budsjett i sektoren var på 355 mill. kr. Budsjett etter bortfall av innsparingskrav vart justert til 384 mill. kr. Sektoren fekk likevel eit meirforbruk på 16,8 mill. kr. Hovudårsaka til dette er høgare lønsutgifter enn budsjettet. Det er i hovudsak stort forbruk av overtid og vikarbruk. Meirforbruket er særleg stort på institusjonane og då primært på Sogndal helse og omsorgssenter (SHOS).

		Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Helse og omsorg	355 334 539	384 526 839	401 352 118	16 825 279	4 %
400	Fellesansvar helse og omsorg	10 138 855	10 026 655	8 587 738	-1 438 917	-14 %
410	Tildelingskontoret	26 619 765	26 501 730	20 357 502	-6 144 228	-23 %
440	Institusjon	138 669 784	161 495 684	181 779 323	20 283 639	13 %
450	Heimetenester + kjøken og dagsenter SHOS	37 890 788	40 125 088	43 307 549	3 182 461	8 %
460	Bu- og miljøtenesta	76 589 710	79 582 045	82 439 292	2 857 247	4 %
470	Lege- og jordmorteneste	33 229 577	33 119 777	32 680 076	-439 701	-1 %
473	Psykisk helse og rus	21 685 449	22 778 849	22 587 375	-191 474	-1 %
480	Ergoterapi, fysioterapi og friskliv	10 510 611	10 897 011	9 613 263	-1 283 748	-12 %

Overordna satsing mål og områdesatsingar i 2023

Rett nivå på tenestene:

Saksbehandling og tildeling av helse- og omsorgstenester er viktig både for den enkelte innbyggjar, men òg for kommunen. Sogndal kommune skal ha ei godt utbygd omsorgstrapp med hovudvekt på tidleg innsats. Me skal ha godt kartlagde tenestemottakarar og gode pasientforløp som gir god flyt, kvalitet og overgang i tenestene. Tenestemottakarane skal vera med på å utforma tenestene, og få nytta ressursane sine.

Kompetanse og rekruttering:

Rett kompetanse til rett tid er viktig for å kunne gi tenester med god kvalitet. Dette gjeld på alle nivå frå førebygging til spesialiserte tenester. Dette har betydning for den enkelte innbyggjar sin moglegheit for rask rehabilitering og riktig behandling.

Kompetansen til kvar enkelt medarbeidar og korleis me klarer å bruka denne, er den viktigaste ressursen i helse- og omsorgssektoren. Me satsar på vidare- og etterutdanning i takt med omstilling og endra behov, noko som blir konkretisera i kompetanseplanar. Me må løysa oppgåver våre på nye måtar – gjennom innovasjon, teknologi, oppgåvedeling og samarbeid med andre.

Satsingane understrekar visjon til kommunen som er «livskvalitet og utviklingskraft i Sogn», og er kopla til måla i samfunnsplan – skapt for ein aktiv livsstil, og kompetanse i eliteserien.

Omtale av satsinga	Aktivitet i 2023	Status
Rett nivå på tenestene	Det er gjennomført revurdering av fleire vedtak i 2023. Dette er for å sikre at tenestene er tilpassa tenestemottakar sitt behov for oppfølging/ tenester. Ved søknad om tenester, blir det gjennomført kartlegging av innbyggjaren sine behov, ressursar og utfordringar. Kartlegging blir utført av sakshandsamar på tildelingskontoret, eventuelt fysio-/ ergoterapeut. Kartlegginga gjev eit godt grunnlag for tildeling av tenester, som er tilpassa innbyggjaren sitt behov for hjelp.	
	Det har vore stor merksemd på samarbeid internt i helsesektoren. Dette for å sikre gode pasientforløp, prega av samanheng, gode overgangar og riktige tenester til rett tid. Det har også vore særleg merksemd på samarbeid med andre kommunale tenester, som t.d. barnehage, skule, helsestasjon. Dette for å sikre at me saman samarbeider for å gje tenestemottakarane i kommunen best moglege tenester. Det har vore gjennomført arbeidsøker om omsorgstrappa på tvers av tenester og sektorar. Samarbeid på tvers av sektorar og med innbyggjarane er avgjerande for å fremje gode, aktive og sjølvstendige liv i kommunen, og vidare sørgje for ei berekraftig helse- og omsorgsteneste i åra som kjem	
	Det er gjennomført arbeid i alle einingane knytt til oppbygging av kvalitetssystem (TQM) og sikre at rutinar for styring og avvikshandtering vert følgt opp. Dette er ein kontinuerleg prosess. Det vert lagt vekt på opplæring på fleire nivå; til dømes når det gjeld avvik, både melding og behandling/lukking. ROS-analyser vert no	

Omtale av satsinga	Aktivitet i 2023	Status
	også lagt inn i eigen modul i TQM. Dette arbeidet er godt i gang på overordna nivå i sektoren og skal bli gjort i kvar teneste/eining. Når det gjeld prosedyrar er det ein omfattande jobb å få flest mogleg av desse felles på tvers av gamle kommunegrenser og sektorar. Dette arbeidet er godt i gang.	
Kompetanse og rekruttering	Helse og omsorg har utvikla eit godt samarbeid med høgskulen på Vestlandet og då spesielt i lag med vernpleieutdanninga. Me er i gang med å utvikle eit liknande samarbeid med sjukepleieutdanninga i Førde. Ein arbeider med å styrke kompetansen for rettleiing av studentar. Frå hausten 2023 har ein fått til ein felles samling i semesteret for HVL og studentrettleiarar i kommunen.	
	Det er søkt og innvilga kompetansemidlar frå Statsforvaltaren, og einingane er godt i gang med å utvikle kompetanseplanar der ein satsar på å heve kompetansen på alle tilsette frå assistentar til vidareutdanningar på høgskulenivå.	
	Tørnprosjekt gjennom KS er starta opp med 2. og 3. etasje ved SHOS frå september 2023 og skal vare ut 2024. Prosjektet skal utforske og innføre alternative arbeidstidsordningar, danne ny oppgåveløysing, heve kompetansen og få ein betre bemanningsplan med heiltidskultur i sentrum. Dette prosjektet skal vere med å sikre kvalitet i tenestene for å møte framtidas utfordringar, samtidig som ein er ein attraktiv arbeidsplass for dei tilsette.	
	Første versjon av Folkehelseoversikt for Sogndal kommune vart ferdigstilt. Eit statusdokument som skildrar helsetilstanden i kommunen og dei	
Førebygging og tidleg innsats	positive og negative faktorane som kan verke inn på helsa. Dokumentet skal	

Omtale av satsinga	Aktivitet i 2023	Status
	danne grunnlaget for folkehelsearbeidet og dei kommunale planane i kommunen.	
	Arbeidet med auka satsing på systematisk folkehelsearbeid i kommunen er igangsett og vert følt opp av folkehelserådgjevar. Det er utarbeida skisse for organisering av folkehelsearbeidet med mål om å arbeide meir heilskapleg og tverrsektorielt. Det er også utarbeidd framlegg til mandat for å opprette folkehelsegruppe i kommunen.	
	Gjennomført årleg tverrsektorielt drøftingsmøte om folkehelseutfordringar og -ressursar i Sogndal kommune, viktig innsiktsarbeid	
Aldersvennlege samfunn	Sektoren har delteke på fleire møter kring bustadplanlegging.	
Frivilligheit og brukarmedverknad	Me har teke initiativ til å møte styra i Røde Kors omsorg både i Balestrand, Leikanger og Sogndal for å snakke om samarbeid. Som eit resultat av det vart me invitert inn på medlemsmøte både på Leikanger og i Sogndal. Me har utarbeida mandat for felles brukarutval i sektoren	
Velferdsteknologi og innovasjon	Handlingsplan for digitalisering i helse og omsorg 2023–2025 er utarbeidd	
	Heilskapleg tenestemodell for velferdsteknologi: Me er i gong med eit større arbeid der me nyttar heilskapleg tenestemodell (KS) for å få oversikt over oppgåver, roller og ansvar som må ivaretakast for at velferdsteknologi skal bli ein integrert del av tenestene – altså korleis me skal organisere helsetenesta framover, med teknologi som eit hjelpemiddel. Bruk av velferdsteknologi er sektorovergripande og inneber eit tett	

Omtale av satsinga	Aktivitet i 2023	Status
	samarbeid mellom fleire instansar som IKT, helsepersonell, Alarmsentralen, tildelingskontoret, tekniske tenester m.fl.	
	Digital heimeoppfølging (DHO): Sogndal kommune deltek i eit nasjonalt spreingsprogram av DHO, der Sunnfjord kommune er vertskommune. Så langt har me testa ut DHO for enkelte brukarar ved Frisklivssentralen i form av appen MyDignio.	

Felles helse og omsorg

Rekneskapen syner eit mindreforbruk på 1,2 mill. kr. Årsaka til mindreforbruket skuldast ein intern budsjettendring som ikkje endrar totalbudsjettet i Helse og omsorg. Tilsette i fellesområde har delteke på i ulike prosjekt i 2023 der me har fått refundert lønsmidlar med 0,6 mill. kr. Noko vakanse i stilling har også gjort til at Fellesområde har ei samla total innsparing på løn og sosiale kostnader med til saman 0,8 mill. kr.

Kjøp av varer og teneste som inngår i kommunal produksjon har eit meirforbruk på 0,4 mill. kr – noko av meirforbruket er knytt til etablering av nye kontor på Sentrumsbygg samt auka reisekostnader til kurs og konferansar.

Kjøp av varer og teneste som erstattar kommunal tenesteproduksjon syner eit meirforbruk på 0,6 mill. kr – ekstra kostnader til drift av Norske Helsenett utgjør 0,1 mill. kr, auke i kostnader til drift av Krisesenteret og interkommunal Samhandlingskoordinator utgjør 0,3 mill. kr og Sogndal sin del til drift av interkommunalt Miljøretta helsevern i Indre Sogn har ein auke på 0,1 mill. kr utover vedteke budsjett.

		Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Fellesansvar helse og omsorg	10 138 855	10 026 655	8 587 738	-1 438 917	-14 %
400	Fellesansvar helse og omsorg	9 282 857	10 222 557	9 048 469	-1 174 088	-11 %
401	Innsparingstiltak helse og omsorg	1 077 000	0	0	0	0 %
402	Skjenkekontroll	-221 000	-221 000	-460 730	-239 730	108 %
415	Interkommunalt miljøretta helsevern	-2	25 098	0	-25 098	-100 %

Tildelingskontoret

Rekneskap for 2023 viser at tildelingskontoret hadde eit mindreforbruk på 6,1 mill. kr. Mindreforbruket er hovudsakeleg knytt til feil framskriving på kjøp av varer og tenester, med 2,6 mill. kr for 2023. Det er gjennomført revurdering av fleire vedtak i 2023. Dette har ført til eit mindreforbruk på støttekontakt med 0,6 mill. kr, og på

omsorgsstønad med 0,8 mill. kr. Det har i 2023 vore høgt sjukefråvær på tildelingskontoret, og dette gir utslag i mindreforbruk på løn og arbeidsgjevaravgift, samt refusjon av sjukepengar.

Tildelingskontoret har ansvar for å ta i mot søknadar, kartlegge hjelpebehov, og gjere vedtak om helse- og omsorgstenester i kommunen. Kontoret nyttar også mykje tid på rettleiing i saksgang og tenestetilbod til innbyggjarar og andre tenester i kommunen.

		Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Tildelingskontoret	26 619 765	26 501 730	20 357 502	-6 144 228	-23 %
410	Tildelingskontoret	26 619 765	26 501 730	20 357 502	-6 144 228	-23 %

Institusjon

Institusjon omfattar institusjon, heimetenesta i Leikanger og Balestrand, bustader med heildøgns pleie og omsorg, dagsenter og kjøkken. Rekneskapen syner eit samla meirforbruk på 20,2 mill. kr.

Institusjon har eit samla meirforbruk på 14,9 mill.kr. Prestehagen viser eit meirforbruk på 2,9 mill. kr, medan heimetenestene på Leikanger og Balestrand viser eit samla meirforbruk på 1,7 mill. kr. Kjøken har eit meirforbruk på 0,7 mill. kr.

Meirforbruket er knytt til variabel løn, overtid, innleige frå vikarbyrå, vakante stillingar primært på helg og prisvekst i samfunnet. Totale kostnader for innleige frå vikarbyrå utgjer 8,9 mill. kr.

Det er ei krevjande bemanningssituasjon for heile eininga med utfordringar knytt til sjukefråvær og rekruttering av helsepersonell. Det var spesielt krevjande å oppretthalde bemanning med sjukepleiar på alle vakter, noko som medførte høge utgifter til vikarar og overtid.

Ein har i 2023 avdekkja ein særleg krevjande driftssituasjon ved Sogndal helse og omsorgssenter. Det er sett inn strakstiltak der ein m.a. har konstituert tenesteleiar i full stilling i ein periode til ein får kontroll over situasjonen.

Det var ein auke i bruk av KAD plassar med 35 fleire innleggingar i 2023 enn i 2022 og 72 fleire liggedøgn samanlikna med 2022. I 2023 hadde me totalt 288 liggedøgn på KAD.

I periodar har institusjon pasientar med omfattande hjelpebehov som gjer at ein treng å styrke spesielt korttid/rehabiliteringavdelinga med ekstra ressurs.

Me held frem arbeidet med rekruttering, turnus og arbeidstidsordningar, kompetanseplan og oppgåvefordeling gjennom TØRN prosjekt som vart starta opp i september 2023 og skal vare ut 2024. Sogndal helse og omsorgssenter (SHOS) har i 2023 teke ned 5 langtids plassar.

		Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Institusjon	138 669 784	161 495 684	181 779 323	20 283 639	13 %
420	Balestrand helsetun	36 930 523	41 809 273	46 627 132	4 817 859	12 %
430	Leikanger sjukeheim	38 509 010	43 554 060	46 725 009	3 170 949	7 %

440	Institusjon Sogndal	39 606 558	49 887 758	58 564 426	8 676 668	17 %
444	Bustadar med heildøgn pleie og omsorg (Prestahagen)	23 987 006	26 357 306	29 219 892	2 862 586	11 %
448	Produksjonskjøken SHOS	-363 313	-112 713	642 864	755 577	-670 %
478	Legevaktspilot Balestrand	0	0	0	0	0 %

Heimetenester Sogndal

Heimebaserte tenester har i 2023 eit meirforbruk på 3,3 mill. kr. Dette skuldast i hovudsak meirforbruk til vikarar, overtid og avtalefesta faste og variable tillegg. Tenesta har hatt ein utfordrande bemanningssituasjon, særleg på sommar med høgt sjukefråvær og lite tilgang på vikarar med fagkompetanse. Heimetenester inneheld tenestene heimehjelp, heimesjukepleie, matombringning, tryggleiksalarmar, og dagsenter. Tenesta er delt i 2 soner og strekker seg frå tunnelen i Fatla, og inn til Fjærland og Fimreite.

Heimetenesta har i 2023 opplevd større tilfang av pasientar som har behov for meir fagleg hjelp. Dette gjer at me må styrke fagkompetansen i tenesta. Det er sett i gang fleire tiltak for å styrke leiarstruktur, og det er også tilsett fagsjukepleiar som skal arbeide med fagutvikling. Me har og kompetanseløp for sjukepleiarar og tre personar vil vere ferdig utdanna sjukepleiarar, og starte i faste stillingar i 2025.

I tråd med nasjonalt handlingsprogram for palliasjon er det i 2023 gjennomført eit større arbeid knytt til «Livets siste dagar» og plan for lindring i livets siste dagar

		Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Heimetenester + kjøken og dagsenter SHOS	37 890 788	40 125 088	43 307 549	3 182 461	8 %
446	Dagsenter SHOS	1 710 282	1 755 582	1 579 015	-176 567	-10 %
450	Heimetenester - Sogndal	36 180 506	38 369 506	41 728 534	3 359 028	9 %

Bu- og miljøtenester

Bu- og miljøtenesta syner eit samla meirforbruk på 2,8 mill. kr. Dette skuldast mellom anna at refusjon knytt til ressurskrevjande tenester vart 1,3 mill. kroner mindre enn budsjettet. Det resterande meirforbruket har si årsak i høgare lønsutgifter enn budsjettet.

Bu- og miljøtenesta har ansvar for tenester til menneske med ulike typar nedsett funksjonsevne. Tenesta består av tre geografiske soner med fire avdelingar. Pasient- og brukargrupper er personar med funksjonsnedsetting som skuldast medfødde eller erverva tilstandar. Tenesta omfattar personleg assistanse, opplæring i dagleglivet, tilrettelagde bustader, dagtilbod, BPA og fritidstilbod.

		Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Bu- og miljøtenester	76 589 710	79 582 045	82 439 292	2 857 247	4 %

454	Bu og miljø - Leing + Sone Sogndal	16 265 653	18 767 888	19 473 207	705 319	4 %
455	Sogndal ressurscenter	2 769 121	2 849 921	2 772 329	-77 592	-3 %
460	Bu og miljø - Sone Stedje	14 661 826	19 061 126	20 041 107	979 981	5 %
462	Bu og miljø - Sone Leikanger	16 252 022	11 310 322	13 019 942	1 709 620	15 %
464	Bu og miljø - Sone Balestrand	26 641 088	27 592 788	27 132 707	-460 081	-2 %

Legeteneste

Drift av lege og jordmortenesta i 2023 syner eit mindreforbruk på 0,4 mill. Driftsåret 2023 har vore eit år med mindre innleige av vikarlegar ved legesenteret i Sogndal. Lågare lønnskostnader enn vedteke budsjett forklarar og noko av mindreforbruket. Legetenesta har og ei meirinntekt på refusjonar frå staten på 0,2 mill. kr. Legevaktd budsjettet syner eit meirforbruk på 0,8 mill. kr – årsaka til dette er at drift av lokalt medisinsk senter i Lærdal syner ein stor kostnadsauke frå 2022 til 2023 med 0,8 mill. kr.

Drift av legetenesta i Leikanger, Balestrand og drift av jordmortenesta syner mindre avvik.

		Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Lege- og jordmorteneste	33 229 577	33 119 777	32 680 076	-439 701	-1 %
470	Legeteneste - Sogndal	14 568 019	15 370 419	13 985 884	-1 384 535	-9 %
471	Legeteneste - Leikanger	3 447 312	3 763 912	3 886 224	122 312	3 %
472	Legeteneste - Balestrand	5 013 056	5 066 056	5 188 394	122 338	2 %
477	Jordmorteneste	5 173 560	3 891 760	3 788 291	-103 469	-3 %
479	Legevakt Leikanger og Sogndal	5 027 630	5 027 630	5 831 283	803 653	16 %

Psykisk helse og rus

Teneste psykisk helse og rus har eit samla mindreforbruk på 0,2 mill. kr. Avviket mot budsjett vert påverka av at 0,4 mill. kr. i midlar som i utgangspunktet skulle bli sett på fond for 2024 er teke inn i drift for 2023. Underliggende er det dermed eit meirforbruk på 0,2 mill. kr. Meirforbruket skuldast underbudsjettering på enkelte kontoar (t.d. dømes ferievikarbudsjett). Alle turnusavdelingar har høgare utgifter knytt til ferieavvikling enn budsjettet. Store delar av budsjett går til lønn og det er vanskeleg å gjere innsparringar på andre postar.

Psykisk helse og rus omfattar tre geografiske soner med fire avdelingar. I 2023 har ein arbeida med å vidareutvikla tenesta, samt å lande ein framtidsretta organisering. Det er eit aukande behov for tenester og ein har gjort grep for å møte behova i samfunnet. Ein har etablert «rask psykisk helsehjelp», samt hatt merksemd på å få på plass eit aktivitetstilbod. Ein har òg styrka delar av tenesta med ressursar. I rekrutteringsprosessar har ein lykkast med å rekruttere svært høg fagkompetanse

		Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Psykisk helse og rus	21 685 449	22 778 849	22 587 375	-191 474	-1 %
473	Psykisk helse og rus - Sone Sogndal	6 196 737	6 730 137	6 450 507	-279 630	-4 %
474	Psykisk helse og rus - Plassen 4	6 360 375	6 625 475	6 509 029	-116 446	-2 %
475	Psykisk helse og rus - Seljetunet	1 413 093	1 656 993	1 809 190	152 197	9 %
476	Psykisk helse og rus - Helseteam	7 715 244	7 766 244	7 818 649	52 405	1 %

Ergo, terapi fysioterapi og friskliv

Rekneskapen syner eit mindreforbruk på 1,2 mill. kr. Dette skuldast vakant stilling i sjukemeldingsperiode og auka refusjonar frå Helfo. Tenesta har satsa på behandling og (re)habilitering med minst mogeleg ventetid, få folk raskt i aktivitet og i jobb eller heim frå rehabiliteringsopphald. Nytt i 2023 er «Aktiv -A kurs» for artrosepasientar i Leikanger og Sogndal, og tilbod om sterk og stødig grupper, samt fast bemanning av frisklivstilbod i Balestrand. Ergoterapitenesta har også fått overført oppgåva som høyrselekskontakt. Tilsettetrening er bra etablert.

		Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Ergoterapi, fysioterapi og friskliv	10 510 611	10 897 011	9 613 263	-1 283 748	-12 %
480	Ergo- og fysioterapi	10 510 610	10 897 010	9 613 264	-1 283 746	-12 %
489	Frisklivssentralen	1	1	0	-1	-133 %



4.4 Kommuneområde samfunn

(sektor plan og teknisk, og sektor samfunn, kultur og innovasjon)

Frå byrjinga av oktober 2023 vart det etter prosess og drøfting med dei tillitsvalde gjort ei organisatorisk endring som gjer at sektor samfunn, kultur og innovasjon saman med plan og teknisk no fungerer som eit felles kommunalområde; samfunn. Dette skal legge til rette for å styrke stadkvalitetar og det samspelet som i sum gjer kommunen vår attraktiv, livskraftig og trygg å flytte til, bu i, besøke, drive næring og arbeide i.

Kort om kommuneområde samfunn

Kommuneområde samfunn skal legge til rette for å skape positiv utvikling i kommunen. Me skal vere framoverlente, og me skal jobbe saman med næringsliv, dei frivillige organisasjonane og innbyggjarane i kommunen. Saman har me eit særskilt ansvar for å bidra til at måla og satsingane i samfunnsplanen vert realiserte, og å sjå både samanheng og heilskap i måten me drifter kommunen på for å oppnå måla. Det skal skje gjennom aktiv samskaping med andre, både internt saman med andre sektorar og med eksterne. Kommunalområdet skal òg forvalte lovverk og vere myndigheitsutøvar, yte drift og tenesteproduksjon både til andre sektorar internt i kommunen og direkte til innbyggjarane, og på denne måten vere ein aktiv aktør for å få til ynskt samfunnsutvikling i Sogndal kommune.

Plan og teknisk

Fellesansvaret og plan og forvaltning hadde eit mindreforbruk på høvesvis 2,4 mill. kr. Vesentlege budsjettavvik vert omtalt under ansvarsområda.

		Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Plan og teknisk	112 982 650	101 309 650	98 871 597	-2 438 053	-2 %
500	Felles plan og teknisk	49 661 439	29 344 939	30 375 330	1 030 391	4 %
510	Plan og forvaltning	8 027 746	10 169 446	10 215 177	45 731	0 %
560	Veg og grøntanlegg	17 871 529	18 415 729	14 687 477	-3 728 252	-20 %
580	Vatn og avløp	-23 736 482	-23 421 482	-21 798 515	1 622 967	-7 %
600	Bygg og eigedom	61 158 418	66 801 018	65 392 128	-1 408 890	-2 %

Overordna mål og områdesatsingar i 2023

Omtale av satsinga	Aktivitet i 2023	Status
Å gjennomføre arbeidet med arealdel og områdeplanar for tettstadene i tråd med vedteken planstrategi	Arbeidet med arealplan har hatt høg prioritet. Framdriftsplanen har vore justert. Det har vore prioritert oppstartarbeid med to områdeplanar i Sogndal sentrum med konkrete utbyggingsinitiativ; Nestangen og Rutlin/Ulvahaugen.	
Kartlegging av kommunale bygg	Behovet for ein heilskapleg plan for kommunale bygg i Sogndal kommune er stort og arbeidet med å få oversyn er omfattande. Strategisk tilnærming til vedlikehald og prioritering av midlar for vedlikehald, opprusting og ombygging må starte i ein tilstrekkeleg god oversyn over kommunale bygg. Vi må vite tilstrekkeleg om dagens situasjon før ein kan prioritere for framtida. På hausten 2022 var status for bygningsmassen at ein ikkje veit kor stort areal ein forvalta,	

Omtale av satsinga	Aktivitet i 2023	Status
	teikningsgrunnlag var svært mangelfullt og utdatert mange plassar. Vedlikehald vert i stor grad prioritert ad-hoc, etter beste skjønn, etter tilsyn med omsyn til vedlikehaldsbudsjettet og/eller etter bestilling ved at ein vert gjort merksam på pressande behov frå brukarar, politikarar og innbyggjarar. Arbeidet med tilstrekkeleg oversyn er starta og godt på veg mot tilstrekkeleg god status, prosjekt for 3D-scanning av bygningsmassen starta hausten 2022 er i løpet av 2023 gjennomført i si heilskap, arbeidet har sikra at ein har gått vegen frå mangelfullt teikningsgrunnlag og arealoversyn til at ein står med komplette modellar og 360 graders fotograferte bygg. Vi veit no kor mykje areal vi forvalta og vi har teikningar og modeller som visar det kommunen eig	
Å gjennomføre arbeidet med kommunal transportplan i tråd med vedteken planstrategi	KTP handsama politisk februar 2024, arbeid med handlingsplan startar opp.	
Å gjennomføre arbeidet med hovudplan for vatn og avløp i tråd med vedteken planstrategi	Hovudplanarbeidet har vore noko forsinka grunna kapasitetsutfordringar. Hovudplan for vatn vert handsama vår 2024, med oppstart av hovudplan for avløp påfølgande.	
Utvikle leiarrolla	Dette vil vere eit kontinuerleg arbeid, der kompetanse og rolleforståing knytt til leing vert oppdatert og jobba med på line med annan fagutøving. Arbeidet vert vidareført i 2024 med ny samansett leiargruppe, og med oppfølging av intern organisasjonsutviklar.	
Digitalisering, smart drift og gode klimaløysingar for bygg og anlegg	Innføring av programmet LAFT til registrering og fordeling av arbeidsoppdrag gjennomført og i drift, samt at reinhaldsplanar og dagleg oppfølging av desse vert handtert i eigen modul her. Digitalisering ved smart drift og gode klimaløysingar av bygg og anlegg vert del av langsiktig satsing i 2023 og åra som kjem.	
Planmessig gjennomgang for å optimalisere drift av offentlege grøntområde, parkar og torg	Internkontroll, organisering av arbeidet i arbeidsteam og HMS-arbeid har vorte meir	

Omtale av satsinga	Aktivitet i 2023	Status
	systematisk dette året. Dette har betra kvalitet og effektivitet på driftssida. Manglar framleis ein samla plan som definerer driftsnivå og tiltak på ulike grøntområde. Arbeidet vil halde fram. Nye retningslinjer for sentrumsparken til handsaming i mars 2024.	

Fellesansvar plan og teknisk

Tenesteområde har eit samla meirforbruk på 1,0 mill. kr. For fellesansvaret plan og teknisk er det samla ført større inntekter frå avtalar og festeavgifter enn føresett. Samstundes er det er det tilsett ein stillingsressurs som beredskapsrådgjevar i kommunen som lønnast frå dette ansvaret. Ein del felleskostnader er ført på fellesområdet og ikkje fordelt.

		Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Felles plan og teknisk	49 661 439	29 344 939	30 375 330	1 030 391	4 %
590	Brann og ulykkesvern (inkl. sivilforsvaret)	18 729 005	18 729 005	18 496 878	-232 127	-1 %
595	Kyrkjeleg fellesråd og andre trussamfunn	8 846 000	8 996 000	8 958 500	-37 500	0 %
599	Fellesansvar plan og teknisk	22 086 434	1 619 934	2 919 952	1 300 018	80 %

Plan og forvaltning

Plan og forvaltning treff samla sett tett på revidert budsjett. Det er likevel nokon avvik på nokon ansvar.

Plan har meirforbruk på 0,5 mill. kr. Dette er knytt til kjøp av varer og tenester, meir spesifikt konsulenttenester der 1,5 mill. kr. er avsett til områdeplanarbeid. Utgiftene vert ført på eigne prosjekt, med eit meirforbruk på 0,5 mill. kr. Meirforbruk på miljø og ureining er knytt til skredsikring som ikkje var budsjettert. Mindreforbruk på jordbruk er knytt til eit mjølkeprosjekt som no er avslutta. Midlane er ikkje nytta då prosjektet ikkje vart sett i gang.

		Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Plan og forvaltning	8 027 746	10 169 446	10 215 177	45 731	0 %
510	Plan	4 337 162	4 638 462	5 192 366	553 904	12 %
511	Byggesak	463 277	711 977	732 424	20 447	3 %
512	Oppmåling	751 814	904 514	1 001 514	97 000	11 %
515	Miljø og ureining	228 398	911 998	1 118 322	206 324	23 %
530	Jordbruk	2 084 057	2 177 957	1 459 237	-718 720	-33 %
532	Skogbruk	21 646	683 146	711 314	28 168	4 %
534	Viltforvaltning (viltfond)	-3 608	-3 608	0	3 608	-101 %

540	Naturforvaltning og friluftsliv	145 000	145 000	0	-145 000	-100 %
-----	---------------------------------	---------	---------	---	----------	--------



Veg og grønntanlegg

Samla viser veg og grønntanlegg eit mindreforbuk på 3,7 mill. kr. mot budsjett. Inkludert i tala på sektornivå er meirinntekter parkering som vert tillagt parkeringsfondet.

Om ein ser vekk frå parkering er underliggende overforbruk for veg og grønntanlegg på 2,4 mill. kr. Dette skuldast i hovudsak brøyteavtalar som er for lågt budsjett. I tillegg har er det eit stort overforbruk knytta til oppgradering av gamalt gatelysanlegg i Sogndal sentrum, overforbruk på driftsavtalar grunna budsjett som ikkje er tilpassa drifta og overforbruk på vedlikehald av køyretøy og maskiner grunna gammalt og slitt utstyr.

Overforbruk knytta til brøyting er forsøkt inndeckt med redusert vedlikehald av veg gjennom året.

Budsjett for 2024 er auka med tanke på driftsavtalar.

		Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Veg og grønntanlegg	17 871 529	18 415 729	14 687 477	-3 728 252	-20 %

552	Hjelpemiddel	319 341	655 341	221 116	-434 225	-66 %
560	Park, anlegg og gravplassar	1 295 500	1 319 200	1 643 643	324 443	25 %
565	Samferdslebedrifter og transporttiltak	-341 000	-341 000	-437 793	-96 793	28 %
570	Kommunale vegar og gatelys	16 646 688	16 490 788	19 378 046	2 887 258	18 %
572	Parkering	-49 000	291 400	-6 117 536	-6 408 936	-2199 %

Vatn og avløp

For vatn og avløp er lønnskostnadene for 2023 noko mindre enn budsjett, medan gebyrinntektene er noko høgare. Dette er balansert opp mot avsetning til fond og gjev i driftsrekneskapen eit overskot på høvesvis 0,8 mill. kr. og 0,4 mill. kr.

		Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Vatn og avløp	-23 736 482	-23 421 482	-21 798 515	1 622 967	-7 %
580	Vassforsyning (sjølvkost)	-14 208 900	-14 011 600	-13 227 475	784 125	-6 %
582	Avløp og rensing (sjølvkost)	-9 430 712	-9 316 912	-8 891 628	425 284	-5 %
584	Renovasjon (sjølvkost)	-60 331	-56 431	316 324	372 755	-661 %
586	Slam (sjølvkost)	-36 539	-36 539	4 263	40 802	-112 %

Bygg og eigedom

Bygg og eigedom har eit samla mindreforbruk på 1,4 mill. kr, mindre bruk på reinhald på grunn av effektiviseringstiltak er ein av årsakane. Fellesnemnaren for mindreforbruk av vore mindre vedlikehald enn planlagt på enkelte område, mellom anna fordi det har ressurskrevjande å gjennomføre scanning og kartlegging av bygga. Forvaltningssystemet LAFT er ein portal for innmelding av behov, bibliotek for dokumentasjon, handsaming og oppfølging av arbeidsordre, samt oppfølging av internkontroll. Bruken av LAFT er monaleg utvida frå 2022/2023 og systemet syter for betre struktur og heilskap i arbeidet. Arbeid med tilstandsanalyse og kartlegging av bygg gjer at tilsette på drift som veit mest om bygningane, sjølv kartlegg og registrera tilstanden for kvart bygg ein har ansvar for. Arbeidet med internkontroll, systematikk og kunnskapsgrunnlag er ressurskrevjande, mindreforbruk på vedlikehald på fleire av bygga skuldast at personellressursane vert brukt i dette arbeidet. Meirforbruk på grunn av auka straumkostnadar er gjeldande for m.a. fleire barnehagar, SHOS, kulturhus og næringsbygg.

		Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Bygg og eigedom	61 158 418	66 801 018	65 392 128	-1 408 890	-2 %
503	Planlegging og utbygging	3 154	0	0	0	0 %

550	Administrasjon teknisk drift	0	0	0	0	0 %
600	Omsorgsbustader	5 287 486	5 341 586	4 133 400	-1 208 186	-23 %
601	Kommunale utleigebustader	-3 198 441	-3 147 041	-4 901 334	-1 754 293	56 %
602	Fellesansvar bygg og eigedom	2 127 142	5 946 042	4 283 153	-1 662 889	-28 %
603	Prosjekt og investering	875 276	989 076	1 342 957	353 881	36 %
604	Bustadkontoret	2 378 769	2 451 569	2 337 594	-113 975	-5 %
605	Skular	12 386 463	12 499 363	12 100 582	-398 781	-3 %
606	Oppvekstsenter	1 592 353	1 617 653	2 166 556	548 903	34 %
610	Kommunale barnehagar	4 544 496	4 599 496	5 735 053	1 135 557	25 %
615	Administrasjonsbygg	2 062 187	2 563 887	3 067 838	503 951	20 %
620	Sogndal helse og omsorgsenter	3 934 940	3 960 240	5 970 032	2 009 792	51 %
625	Leikanger sjukeheim	2 222 848	2 243 748	1 998 153	-245 595	-11 %
626	Avlastingsbustadar Stadheimgarden	265 968	265 968	215 178	-50 790	-19 %
628	Balestrand helsetun	1 648 451	1 657 951	2 066 360	408 409	25 %
629	Balestrand helsesenter	1 000	0	75 373	75 373	0 %
630	Kultur- og idrettsbygg	233 135	233 135	343 765	110 630	47 %
635	Sogndal kulturhus	-840 787	-840 787	-2 698	838 089	-100 %
637	Belehalli	326 045	326 045	-96 919	-422 964	-130 %
638	Saften	792 476	794 176	341 864	-452 312	-57 %
639	Andre næringsbygg	-1 827 111	-1 820 311	-517 584	1 302 727	-72 %
640	Aktivitetssenter	269 145	272 045	424 982	152 937	56 %
655	Reinhald- Skular	18 166	0	0	0	0 %
656	Reinhald - Oppvekstsenter	2 565	0	0	0	0 %
660	Reinhald-Kommunale barnehagar	6 694	0	0	0	0 %
665	Reinhald-Administrasjonsbygg	2 677	0	0	0	0 %
666	Reinhald felles	18 707 886	19 313 403	16 858 401	-2 455 002	-13 %
674	Reinhald SHOS	7 325 774	7 533 774	7 449 422	-84 352	-1 %
675	Reinhald-Leikanger sjukeheim	2 277	0	0	0	0 %
676	Reinhald-Avlastingsbustader Stadheimgarden	500	0	0	0	0 %
678	Reinhald-Balestrand helsetun	4 106	0	0	0	0 %
680	Reinhald-Kulturbygg	889	0	0	0	0 %
685	Reinhald-Sogndal kulturhus	0	0	0	0	0 %
687	Reinhald-Belehalli	500	0	0	0	0 %
688	Reinhald-Saften	889	0	0	0	0 %
689	Reinhald-Andre næringsbygg	500	0	0	0	0 %



Samfunn, kultur og innovasjon

Kommunalsjefsområdet består av fire tenesteeiningar. Dette er tenesteområda samfunnsutvikling og frivilligheit, kultur, digitalisering og IKT og NAV. I tillegg ligg Sogn Næring sitt oppdrag til sektoren.

Sektoren hadde i 2023 eit mindreforbruk på 9,3 mill. kroner, i hovudsak knytt til NAV flyktningteneste og kultur.

		Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Samfunn, kultur og innovasjon	70 800 450	75 731 650	66 391 810	-9 339 840	-12 %
700	Nav	17 042 166	18 516 766	13 213 854	-5 302 912	-29 %
720	Samfunn, kultur og innovasjon	9 884 177	8 775 477	7 222 223	-1 553 254	-18 %
740	IT og digitalisering	17 075 063	18 708 763	17 869 930	-838 833	-4 %
750	Kultur	22 891 818	22 122 752	20 054 731	-2 068 021	-9 %
790	Samfunn	3 907 226	7 607 892	8 031 071	423 179	6 %

Overordna mål og områdesatsingar i 2023

Omtale av satsinga	Aktivitet i 2023	Status
Sette arbeidet med klima og miljø i system, og ta posisjonen som samfunnsplanen peikar på	Strategisk plan for bustad, arbeid, klima og transport (BAKT) vedteken, og arbeidet med handlingsplan starta opp.	

Omtale av satsinga	Aktivitet i 2023	Status
som ein gjennomgåande miljømedviten kommune.		
Bidra til å realisere måla og satsingane i digitaliseringsstrategien.	Med utgangspunkt i digitaliseringsstrategien handla mykje av arbeidet her i 2023 om å støtte og bidra til at organisasjonen har tilgang til god støtte og kompetent rådgjeving innan digital samfunnsutvikling, i arbeidet for å oppfylle satsingar.	
Ta ei aktiv rolle i å utvikle utfarts- og friluftsområda saman med grunneigarar, brukarar og lokalsamfunna	Plan for friluftslivets ferdselsåre skal leggst fram for politisk handsaming vår 2024.	
Bygge kulturkommunen Sogndal – drive fram ei målretta satsing på kulturfeltet i samsvar med den vedtekne kulturstrategien	Arbeidet med å bygge kulturkommunen Sogndal jf. vedteken kulturstrategi har god framdrift på fleire områder. Nokre dømer følgjer under. Kulturminne og kulturmiljø: Ny kulturmiljøplan er under produksjon, prosessen bidreg til meir kompetent kulturminnearbeid. Kulturhuset og ungdom: Etablering av ungdomslokale i kjellaren i Sogndal Kulturhus er i gang. Programmering av alle framsyningsflater i kulturhuset er av stabil og av høg kvalitet. Arbeid med vidareutvikling av kulturhuset som kulturell storstove startar opp i 2024. Bibliotek: Har høgt aktivitetsnivå og er ein arena for kunnskapsutveksling og debatt. Arbeidet med meirope bibliotek er starta opp. Kulturskule: Startar opp arbeidet med å kartlegge framtidas kulturskule i lag med Norsk kulturskoleråd i 2024. Kunst: Kunstbyggda Balestrand er i gang med aktivitetar og prosjekt som fletter saman aktørar på kunstfeltet. Retningslinjer for kunst i offentlege rom er vedtekne.	
Digital kommunikasjon - profesjonalisere og forbetre kommunikasjonsarbeidet i digitale kanalar. Syte for at innbyggjarane har gode mogelegheiter til å kommunisere raskt og effektivt med kommunen, og jobbe systematisk for å informere godt om kommunen sitt arbeid innanfor alle sektorar.	• Me har jobba fram ei nynorsk digital meldeløysing på sogndal.kommune.no, der innbyggjarane kan melda frå om feil og manglar på veg, park, brøyting og strøing. Ei slik løysing skal gjera det enklare for innbyggjarane å melda frå og gjera handteringa av meldingane som kjem inn, meir effektiv. • Me har brukt digital innspelsportal på utfordrarbyggda.no i fleire prosjekt. • Me har jobba med å forbetra informasjonen om tenestene på nettsida, slik at	

Omtale av satsinga	Aktivitet i 2023	Status
	innbyggjarane enkelt skal kunne finna svar der. I tillegg til meir og betre innhald, har me jobba med klart språk og universell utforming for å sikra at nettsidene er tilgjengeleg for alle. • Me bruker kanalar som Teams og intranett meir aktivt, noko som fører til betre samhandling og betre kjennskap til heile organisasjonen for dei tilsette.	
Ungdom og psykisk helse - prioritere innsatsen mot ungdom som fell utom arbeidslivet gjennom tiltak «Jobblyst» og «Individuell jobbstøtte (IPS)». I sentrum skal vere å få ungdom til å klare seg sjølv og komme i jobb.	Oppfølging av/tenester til ungdom (16-30) gjennom: • Ungdomsgarantien i NAV og det regionale oppfølgingsteamet for ungdom. • Samskaping med andre tenester i kommunen for å skape møteplass og aktivitet for unge vaksne på dagtid med behov for motivasjon og oppfølging for å komme i ein aktivitet, kvalifisering eller arbeid. • Auke bruken av NAV sine tiltak og verkemiddel i ordinært arbeidsliv slik at fleire unge vaksne får moglegheit til å bli inkludert i ordinært lønna arbeid.	
Koordinerte tenester til flyktingar - Utvikle samarbeid og kompetanse på tvers av sektorar og avdelingar for å gje gode og samordna tenester. Merksemd på å implementere ny integreringslov og etablere integreringsteam og få dette til å fungere godt. Målet er få flyktingane som kjem til Sogndal kommune å bli godt integrerte; klare seg sjølv med jobb, bustad og deltaking i fritidsaktivitetar og samfunnsliv.	Flyktingtenesta har jobba i høgt tempo sidan 2022 og har som klart mål at dei aller fleste flyktingane som avsluttar introduksjonsprogram skal gå ut i arbeid eller utdanning. Tidleg kartlegging, målretta introduksjonsprogram og god oversikt over moglegheiter for vidare kvalifisering eller arbeid er viktige føresetnader for å lykkast. Viktige satsingar for flyktingtenesta i 2023 og framover i 2024 er: • Vidareutvikle rask og god kartlegging av flyktingar (CV, jobbåp, jobbønske og arbeidsmål) i samarbeid med sosialteamet i NAV og NAV Marknad og inkludering. • Vidareutvikle god og tydeleg informasjon til nybusette flyktingar i samarbeid med andre tenester i kommunen. • Å halde fram med å utvikle samarbeid med andre tenester i kommunen samt bidra med kunnskap og kompetanse i utviklingsprosjekt i kommunen som kan bidra til redusert del med låginntektsfamiliar, barnefattigdom og langvarig utanforskap.	

Nav

Dei sosiale tenestene i NAV-kontoret omfattar økonomisk sosialhjelp, kvalifiseringsprogram, opplysning råd og rettleiing, økonomisk rådgjeving, mellombels bustad og individuell plan.

Grunna høgt mottak av flyktningar i 2022 og 2023 har presset på dei sosiale tenestene i NAV Sogndal auka. Me har i 2023 busett 142 flyktningar, der 121 av flyktningane er ukrainske med midlertidig opphald, og dei resterande 21 er frå hhv Syria og Eritrea.

Tenestene har blitt styrka med 1,5 stillingar frå 2023 for å handtere ei stor auke i oppgåver. Frå 2022 har ein jobba målretta for å styrke samarbeidet mellom dei sosiale tenestene i NAV og flyktingtenesta for å sikre best mogleg informasjon, råd og rettleiing av nye innbyggjarar med flyktingbakgrunn. I løpet av 2022/23 har me styrka utviklinga av sosiale tenester og oppfølging av ungdom (16-30 år) ved å etablere eit regionalt ungdomsteam saman med dei andre NAV-kontora i Sogn. Me har også etablert ein rådgjevar som jobbar etter IPS-metodikken i tett samarbeid med rus- og psykiatritenesta i Sogndal kommune.

Faktiske utgifter til tolketenester er vesentlege lågare enn berekna. Ordinær økonomisk sosialhjelp har òg vore lågare enn revidert budsjett, med faktisk forbruk 3,4 mill. kr. mot budsjett på 5,2 mill. kr. For introduksjonsløn er det rekneskapsført i overkant av 2,0 mill. kr lågare enn budsjett. Innkjøp av utstyr og inventar til flyktningar ved busetting/etablering i bustad vel 0,4 mill. kr. høgare enn budsjett.

- Mindreforbruk på økonomisk sosialhjelp ordinær, mindreforbruk på Kvalifiseringsprogram og «overforbruk» på økonomisk sosialhjelp til flyktningar.
- Flyktingtenesta: «Mindreforbruk» på introduksjonsløn. Auka forbruk på nødvendig utstyr/inventar ved busetting/etablering i bustad.

		Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Nav	17 042 166	18 516 766	13 213 854	-5 302 912	-29 %
700	NAV	16 172 664	17 481 264	14 084 618	-3 396 646	-19 %
730	Flyktingtenesta	869 502	1 035 502	-870 764	-1 906 266	-184 %

Fellesansvar Samfunn, kultur og innovasjon

Fellesansvar samfunn, kultur og innovasjon har eit samla mindreforbruk på 1,5 mill. kr. Dette skuldast nokon utsette prosjekt, men hovudsakleg lyt mindreforbruk her sjåast i samanheng med overforbruk på tenesteområde samfunn.

		Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Samfunn, kultur og innovasjon	9 884 177	8 775 477	7 222 223	-1 553 254	-18 %
720	Fellesansvar samfunn, næring og kultur	9 884 177	8 775 477	7 222 223	-1 553 254	-18 %

IT og digitalisering

IT og digitalisering har eit samla mindreforbruk på 0,8 mill. kr i 2023. Dette mindreforbruket knytt til både lågare utgifter og høgare inntekter enn budsjett. Eininga har brukt meir midlar på kompetanseheving og reise i 2023 enn det var budsjett for, noko knytt til IT-samarbeid Indre Vestland. På lisensar er det ikkje reelt mindreforbruk, men det ført på rett teneste iht.Kostr.

Det er særleg utgiftene knytt til leige av maskiner, inventar og utstyr og kjøp av konsulenttenester som er lågare enn revidert budsjett. Dette er grunna forseinkingar av datarom 2, samt mindre bruk av konsulentar som kan sjåast i samanheng med kompetanseheving. Det positive avviket på inntektssida gjeld hovudsakeleg inntekter knytt til sal av varer og tenester, samt refusjonar.

		Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	IT og digitalisering	17 075 063	18 708 763	17 869 930	-838 833	-45 %
740	IKT	15 745 154	17 878 854	17 052 610	-826 244	-46 %
741	Digitalisering	1 329 909	829 909	817 321	-12 588	-2 %

Kultur

Kultur omfattar fellesansvar kultur, Sogndal kulturhus, ungdomsavdelinga, Sogndal Kulturskule, Kulturminne og kunst. Samla har kultur eit mindreforbruk på 2,1 mill. kr i 2023.

Fellesansvar kultur har eit mindreforbruk på 0,1 mill. kr. Dette er hovudsakeleg knytt til lågare utgifter til kjøp av varer og tenester, samt overføringar.

Sogndal kulturhus syner eit mindreforbruk på 0,5 mill. kr. Dette kan sporast attende til ei feil i budsjettering knytt momskompensasjonen. Det er også noko lågare utgifter knytt til kjøp av varer og tenester.

Ungdomsavdelinga har eit mindreforbruk på 0,3 mill. kr. Dette skuldast ei vakant stilling. Frå juni 2023 vart det tilsett ein ungdomskoordinator.

Kulturminne og kunst har eit meirforbruk på 0,4 mill. kr i 2023. Dette skuldast at ansvaret ikkje hadde budsjett for 2023. Dette er retta opp i budsjett for 2024 innanfor ramma til kultur.

Bibliotek har eit meirforbruk på 0,2 mill. kr. Meirforbruk dreier seg om kjøp av varer og tenester. Det har vore ei uføresett prisauke på bibliotektransport siste kvartal og høgare utgifter enn forventa til arrangement og honorar til foredragshaldarar. På slutten av året vart det også prioritert innkjøp av interiør til Sogndal og Balestrand der utgiftene vart noko høgare enn forventa.

		Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Kultur	22 891 818	22 122 752	20 054 731	-2 068 021	-9 %
750	Fellesansvar kultur	7 085 644	5 641 378	5 511 052	-130 326	-2 %
751	Sogndal kulturhus	2 355 725	2 434 025	1 885 476	-548 549	-23 %
752	Ungdomsavdelinga	1 547 368	1 556 968	1 273 321	-283 647	-18 %
755	Sogn Kulturskule	6 435 135	6 807 535	5 158 124	-1 649 411	-24 %
757	Kulturminne og kunst	0	60 000	447 702	387 702	646 %
760	Bibliotek	5 467 946	5 622 846	5 779 056	156 210	3 %

Samfunnsutvikling og frivilligheit

Tenesteområdet har eit samla meirforbruk på 0,4 mill. kr.

Kommunen har tre frivilligsentralar - Sogndal frivilligsentral, Leikanger frivilligsentral og Balestrand frivilligsentral. Sogndal frivilligsentral har eit avvik som følgje av lågare husleige og større overføringar frå eksterne enn budsjettert. Medan Leikanger frivilligsentral har eit avvik som følgje av større husleige enn budsjettert. Balestrand frivilligsentral har avvik som følgje av seinare tilsetjing, seinare bygging av lokale for frivilligsentralen i Holmatunet og seinare etablering av utstyrssentral enn budsjettert. Unytta statleg tilskot 0,4 mill. kr er avsett til fond.

Samfunnsutvikling har eit meirforbruk på 1,9 mill. kr. Dette er hovudsakeleg knytt til at det er motteke mindre eksterne prosjektmidlar enn budsjettert.

Anlegg og friluftsliv har eit mindreforbruk på 1,2 mill. kr knytt til lønnsutgifter og overføringsinntekter. Det har vore lågare lønnsutgifter enn budsjetter som følgje av ei budsjettoverføring frå fellesområde samfunn, samt fellesansvar kultur. I opptakten til å skipe Sogn friluftsråd, vart det lyste ut ein prosjektstilling, og ein valde å tilsetje to prosjektstillingar som har jobba med friluftsliv, idrett, friluftsråd og ein rekkje prosjekt.

Når det kjem til samfunnsutvikling (og naturforvaltning og friluftsliv) har dei finansiert ein god del av aktivitetane i 2023 gjennom å hente inn eksterne prosjektmidlar frå fylkeskommune og stat. Midlane har vorte brukt til å finansiere utvikling av prosjekt og kjøp av eksterne tenester. Avhengig av korleis prosjekta er sett saman, dekkar dei delar av eller heile løna for kommunalt tilsette som jobbar inn i prosjekta. Det er ulike utbetalingspraksisar hjå ulike tilskotsgevivarar, noko som kan påverke utgiftene det einskilde år.

		Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Samfunn	3 907 226	7 607 892	8 031 071	423 179	6 %
770	Sogndal frivilligsentral	805 816	825 916	655 936	-169 980	-21 %
771	Leikanger frivilligsentral	349 888	370 688	472 624	101 936	27 %
772	Balestrand frivilligsentral	527 000	727 000	114 973	-612 027	-84 %
790	Samfunnsutvikling	-398 570	482 939	2 372 427	1 889 488	391 %
791	Innbyggjartorg	1 846 903	2 680 078	3 112 192	432 114	16 %
792	Anlegg og friluftsliv	776 189	2 521 271	1 302 919	-1 218 352	-48 %

5 Pensjon og lønsavsetjing

Fellesområdet pensjon og lønnsavsetjingar blir nytta til å setja av til lønnsoppgjeret, føring av premieavvik og avskrivningar. Opphavsleg var budsjettet 34 mill.kr. I løpet av året er lønnsoppgjeret fordelt ut på sektorområda. Lønnsoppgjert i 2023 utgjorde om lag 18 mill. kr. I tillegg er om lag 8 mill. knytt til heilårsverknad av tidlegare års lønnsoppgjert. Området pensjon og lønsavsetjing har eit mindreforbruk på 4,5 mill. kr.

Premiavviket for 2023 gav innbetalt pensjonspremie i 2023 omlag 52 mill. kr. høgare enn pensjonskostnaden som framkjem i rekneskapen. Dette gav negativ likviditetseffekt i 2023.

		Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
980	Fellesområde tenesteproduksjon - Bevilgningsskjema 2	34 000 000	7 477 800	2 962 210	-4 515 590	-60 %

Kraft

Sogndal kommune har 30 GWh konsesjonskraft og 35 GWh heimfallskraft. Nedgang i kraftprisar gjennom året gjorde til at forventa inntekter vart justert ned noko i revidert budsjett. Samla vart netto inntekter likevel 2,1 mill. kr. høgare enn revidert budsjett og tett på opphavelag budsjett.

For sal av konsesjonskrafta vart netto inntekter på 30,2 mill. kr. og 0,3 mill. kr. over budsjett. Samanlikna med 2022 er det vesentleg positiv effekt i 2023 frå at Mehl kraftverk med 16 GWh inngår i prisområde NO5 (tidlegare NO3). Sal av konsesjonskraft og kraft frå Mehl kraftverk vart i 2023 gjort til fastpris. Det er vert å merke seg at dersom denne krafta hadde vorte solgt i spotmarknaden ville nettoinntekt for konsesjonskraft i 2023, samt netto driftsresultat vore omlag 15 mill. kr lågare. Dette er eit godt bilete på uvisse rundt framtidig utvikling av nivået på kraftinntekter.

Netto inntekter frå heimfallskraft vart 3,7 mill. kr., og 1,8 mill. kr. over budsjett. All heimfallskrafta vert seld i spotmarknaden og høge prisar dei to siste månadane av året bidrog positivt mot revidert budsjett. Majoriteten av bruttoinntektene frå heimfallskrafta går derimot med til kjøpsutgifter, inntektsskatt og grunnrenteskatt.

		Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
981	Kraft	-34 000 000	-31 800 000	-33 894 659	-2 094 659	7 %

6 Interkommunale samarbeid

Miljøretta helsevern

Rekneskapen syner ingen avvik i samsvar med budsjett. Miljøretta helsevern er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane i Indre Sogn. Arbeidet til miljøretta helsevern skal fremme innbyggjarane si helse og beskytte mot forhold som kan føre til helseskade. Kommunen er tildelt ansvar og oppgåver som forvaltningsmynde innanfor folkehelse og miljøretta helsevern. Dette er den instansen som utøver kommunen sitt forvaltningsarbeid, i nært samarbeid med kommuneoverlegen i kvar kommune. Miljøretta helsevern består av to fast tilsette. I tillegg er fire kommuneoverlegar knytt til samarbeidet. Sogndal kommune sine utgifter til miljøretta helsevern var 0,6 mill. kr i 2023.

Frisklivssentralen

Frisklivssentralen jobbar med livsstilendring. Tidleg innsats, førebygging og helsefremming vil gi meir helse til innbyggjarane på lengre sikt. Vidare vil me gjennom å styrke dette feltet gjere det mogleg for innbyggjarane å bli rehabiliterte etter sjukdom og skade og å kunne bu lengre i eigen heim. Sogndal kommune sine utgifter til frisklivsarbeidet var 0,9 mill. kr i 2023.

Legevaktsentral

Sogndal kommune har i lag med andre kommunar i Sogn avtale om legevaktsformidling. Legevaktsentralen (LVS) er lokalisert til Lærdal sjukehus. Kommunen sin avtalepart er Lærdal kommune. Kostnadane blir fordelt 40 prosent likt og 60 prosent etter folketal. Sogndal kommune sine utgifter til LVS i 2022 var 3,1 mill. kr. Dette er eit meirforbruk på 0,8 mill. kr sett opp mot budsjett.

Sogn regionråd

Sogn regionråd er eit interkommunalt samarbeid mellom 8 kommunar i Sogn. Regionrådet har eit felles sekretariat med to faste stillingar lagt til Sogndal kommune. Kommunedirektørane har etablert ei fast samarbeid gjennom ei eiga arbeidsgruppe. For særskilte prosjekt som Sogn regionråd initierer er blir det med jamne mellomrom oppretta tidsavgrensa prosjektstillingar. Kommunen sine utgifter til Sogn regionråd i 2023 var på 1,8 mill. kr. Kommunestyret vedtok i 2023 etablering av Sogn interkommunalt politisk råd og Sogn kommunalt oppgåvefelleskap som erstatning for regionrådet.

Skog i Sogn

Sogndal er vertskommune for samarbeidet for 6 kommunar i Sogn. Det er 3 stillingar med 2,6 årsverk som gjennomfører alle oppgåver etter skoglovgjeving og forvaltning som er lagt til kommunane. Kommunen sine utgifter til Skog i Sogn i 2023 var 0,7 mill. kr.

Sogn kulturskule

Sogndal sitt kjøp frå det interkommunale samarbeidet er mindre enn budsjettert pga. lågare aktivitet enn planlagt. Inntektene er høgare enn budsjettert. Kulturskulen har òg fått 250.000 i tilskot til utvikling av fordjupingsprogram og 216.000 til vidareutdanning. Sogndal kommune sine utgifter til kulturskule i 2023 var 5,2 mill. kr. Dette er 1,6 mill. kr. lågare enn budsjettert.

Sogn barnevern og Sogn barnevernsvakt

Kommunane Luster, Sogndal, Leikanger og Balestrand oppretta avtale om felles barnevernsteneste i 2008 under nemninga Sogn barnevern. Samarbeidet er organisert etter vertskommunemodellen der Sogndal er vertskommune. Sogn barnevern (interkommunal del) har i dag om lag 17,8 årsverk (jf. tilstandsrapport 2023).

Sogn barnevern er vertsskap for Sogn barnevernsvakt, som har vaktordning utanfor kontortid for kommunane i Sogn barnevern samt kommunane Høyanger og Vik.

Sogn PPT og logopedisamarbeid

Sogn PPT er eit interkommunalt samarbeid mellom Aurland, Luster, Sogndal og Vik med Sogndal kommune som vertskommune. Kontoret har 7,4 årsverk som sakshandsamarar på PPT. Hovudoppgåva er å jobbe individ- og systemretta etter mandat i opplæringslova og barnehagelova.

Arbeidet er i stor grad blir individretta. Både barnehagar og skular melder frå om at dei har behov for innsats på systemnivå. Sogn PPT har også eit ynskje om å kunne arbeide meir systemretta som til dømes med rettleiing og tidleg innsats for på den måten å redusere trongen for spesialundervisning. Sogndal kommune sine utgifter til PPT i 2023 var om lag 4,2 mill. kr.

Logopedisamarbeidet vart oppretta i 2017. Dette samarbeidet omfattar i dag same område som Sogn PPT. Kontoret har 1,9 årsverk som utøvande logopedar. Logopedane jobbar direkte med personar i alle aldrar som har eit enkeltvedtak om behov for logoped etter barnehagelova og opplæringslova. Sogndal kommune sine utgifter til logopedi var om lag 0,9 mill. kr i 2023.

Jordmorvakt

Kommunane Luster og Sogndal organiserer følgjeteneste og jordmorvakt i samarbeid med, og med finansiering på om lag 1 mill. kr, frå Helse Førde HF. Sogndal kommune har det administrative ansvaret for ordninga. Tilbodet om følgjeteneste omfattar ikkje innbyggjarane som bur i tidlegare Balestrand kommune. Der vert det gjeve tilbod om imøtekøyring med jordmor i ambulanse frå Førde sentralsjukehus. Sogndal kommune har også samarbeidsavtale med Helse Førde og Vik kommune om å hjelpe til ved behov.

Sogn brann og redning IKS

Selskapet dekker kommunen sine oppgåver til brannvernberedskap, førebyggjande brannvern med feieteneste samt byggsakstilsyn. Sogndal kommune har i 2023 kjøpt tenester for om lag 18 mill. kr frå Sogn brann og redning IKS. Sogndal kommune sin eigardel i Sogn brann og redning IKS er 59 %.

Sogn interkommunale miljø- og avfallsselskap, SIMAS

SIMAS er eigd av kommunane i indre Sogn. Selskapet har som føremål å løyse eigarkommunane sine utfordringar innan avfallshandtering. Sogndal kommune sin eigardel i SIMAS IKS er 36,71 %. Innsamling av privat avfall vert finansiert av innbyggjarane etter prinsipp om sjølvkost.

Alarmsentralen IKS

Alarmsentralen i Sogn og Fjordane er eigd av 24 kommunar. Alarmsentralen er eit respons og kompetansesenter for eigarkommune med hovudvekt på tryggleiksalarmar og velferdsteknologi. Alarmsentralen er mottak for alarmar som brann, heis og andre tekniske alarmar.

Kommunearkivordninga i Vestland KO

Kommunearkivordninga i Vestland er eit kommunalt oppgåvefellesskap. 18 kommunar deltek i samarbeidsordninga. Føremålet med samarbeidet er å leggje til rette for at arkiva til deltakarkommunane vert handtert, teke vare på og formidla i

samsvar med arkivlova. I praksis yter samarbeidet depottenester for papir og elektroniske arkiv, samt ordning og digitaliseringstenester.

Interkommunal samhandlingskoordinator

17 kommunar i regionen Sogn og Fjordane samarbeider om stillinga som samhandlingskoodinator. Føremålet med stillinga er vedteke i KS sitt rådmannsutval: «Stillinga skal vere kommunane i Sogn og Fjordane sitt felles talerøyr i høve til Helse Førde når det gjeld samhandlings, forhandlingar og avtaleinngåing på systemnivå.»

7 Investeringar

Sum investeringsutgifter vart 102 mill. kr, noko som er 49,5 mill. kr lågare enn budsjettet jf. økonomisk oversikt investeringar. Dette skuldast i hovudsak at framdrifta på fleire prosjekt ligg bak det som vart lagt til grunn i budsjettet. Nokre større prosjekt er ikkje sett i gang.

Rammeløyving til kyrkja og kyrkjestove Kaupanger gravlund er budsjettet som tilskot til andre sine investeringar. Kyrkjestove Kaupanger gravlund er ikkje realisert i 2024. I tillegg til tilskot til kyrkja er saksomkostningar i samband med skjønn Fosshagen ført som overføring til andre. Samla tilskot til andre sine investeringar i 2023 er 1,5 mill. kr.

Investeringar i aksjar er knytt til eigenkapitalinnskott til KLP på 2,9 mill. kr, 1,0 mill. kr aksjekjøp Sogn utvikling og kjøp av Lux Eigedom AS 8,0 mill. kr. Til saman 11,8 mill. kr.

Budsjettet utlån av eigne midlar på 3 mill. kr. gjeld utlån til Sognahallen. Utlån frå disposisjonsfond vert ført i drift og er difor eit avvik mot budsjett.

Økonomisk oversikt investeringer	Opphav. budsjett	Rev. budsjett	Rekneskap	Avvik
1 Investeringar i varige driftsmiddel	132 725 000	151 542 000	102 016 431	-49 525 569
2 Tilskot til andre sine investeringar	4 700 000	4 700 000	1 516 783	-3 183 217
3 Investeringar i aksjar og andelar i selskap	0	11 880 000	11 783 093	-96 907
4 Utlån av eigne midlar	0	3 000 000	0	-3 000 000
5 Avdrag på lån	0	0	0	0
6 Sum investeringsutgifter	137 425 000	171 122 000	115 316 307	-55 805 693
7 Kompensasjon for meirverdiavgift	16 145 000	18 723 000	10 873 988	-7 849 012
8 Tilskot frå andre	1 200 000	1 200 000	8 329 226	7 129 226
9 Sal av varige driftsmidlar	0	0	1 256 494	1 256 494
10 Sal av finansielle anleggsmiddel	0	0	0	0
11 Utdeling fra selskap	0	0	0	0
12 Mottekne avdrag på utlån av eigne midlar	0	1 026 000	1 208 626	182 626
13 Bruk av lån	120 080 000	138 977 000	81 847 168	-57 129 832
14 Sum investeringsinntekter	137 425 000	159 926 000	103 515 501	-56 410 499
15 Vidareutlån	60 000 000	60 000 000	61 249 137	1 249 137
16 Bruk av lån til vidareutlån	60 000 000	60 000 000	61 249 137	1 249 137

17 Avdrag på lån til vidareutlån	0	6 737 000	5 353 177	-1 383 823
18 Mottekne avdrag på vidareutlån	0	7 191 000	6 200 198	-990 802
19 Netto utgifter vidareutlån	0	-454 000	-847 021	-393 021
20 Overføring frå drift	0	-12 222 000	-12 850 232	-628 232
21 Netto avsetjingar til eller bruk av bundne investeringsfond	0	0	870 447	870 447
22 Netto avsetjingar til eller bruk av ubundne investeringsfond	0	454 000	0	-454 000
23 Dekking av tidligare års udekka beløp	0	1 026 000	1 026 000	0
24 Sum overføring frå drift og netto avsetjingar	0	-10 742 000	-10 953 785	-211 785
25 Framført til inndekking i seinere år (udekka beløp)	0	0	0	0

Som følgje av at investeringsutgiftene vart lågare enn budsjettert er også bruk av lån og kompensasjon for mva lågare enn budsjettert. Per 31.12.2023 har Sogndal kommune 84,5 mill. kr i unytta lånemidlar (jf. balanserekneskap). Bruk av lån i 2023 var 57,1 mill. kr lågare enn budsjett.

Bruk av lån til vidareutlån er 1,4 mill. kr. over budsjett. Dekka med bruk av unytta lånemidlar. Netto avdragsbetaling på 0,85 mill. kr er avsett til fond avdrag formidlingslån.

Overføring frå drift på 12,8 mill. kr gjeld kapitalinnskott KLP, utlån Sognahallen, kjøp av feiebil, kjøp av aksjar Sogn utvikling og kjøp av bustad finansiert av integreringstilskott.

Under følger ein gjennomgang av kommunale investeringsprosjekt i 2023. Rapportering på økonomi er i forhold til revidert budsjett og ikkje i forhold til totalkostnadsramma.

7.1 Prosjektliste

Tabellen nedanfor viser investeringsutgifter fordelt på prosjekt i 2023. Tabellen syner opphavleg budsjett, revidert budsjett og rekneskap 2023, samt status og kommentar til budsjettavvik og framdrift.

Prosjekt nr.	Investeringsutgifter i varige driftsmidlar	Opphav. budsjett	Rev. budsjett	Rekneskap	Status	Kommentar
248	Dagsturhytte - Gulleplenipa	1 400 000	1 400 000	2 289 101		Vinterpause. Prosjektet vert slutført i 2024. Manglar finansiering i 2024.
721	Hittunsfjora småbåthamn	0	2 367 000	274 771	OA22	Vinterpause, ferdig i 2024.
727	Reguleringsplan Saurdalen	200 000	200 000	0		Prosjektet har ikkje starta opp.
728	Reguleringsplan Hittun	0	0	59 719		Jf. Prosjekt 20550

1501	Fosshagen barnehage	0	0	3 825		Høyrer saman med 20305
1720	Brannvassleidning Kaupanger	0	6 030 000	9 053 337		Sluttoppgjer gjenstår. Prosjektet har medført vesentleg større omfang enn berre det planlagte vassrøyrret. Noko meir sprenging. Utfordring med ukjent røyr i toppen, måtte følgast og takast att ut over opphaveleg omfang. Ny drenering over langt strekk med mykje sprenging.
1860	Omsorgsbustader Stedjevegen	0	0	126 469		Høyrer saman med prosjekt 20301.
1947	Parkeringsplass Ølmheim kyrkje	0	0	134 563		Restfaktura i 2023. Prosjektet er ferdig.
1961	Aktivitetstilbod helse og rus	1 000 000	3 000 000	1 387 898		Ferdigstilling sommar 2024. Ventar på tilskot frå Husbanken.
1964	Gjestebygge	0	1 286 000	0		Konkurranse lyst ut, gjennomføring i 2024. Restfinansiering overført til 2024.
1965	Kyrkjestove Kaupanger gravlund	0	-3 700 000	152 693		Prosjektet har finansiering i 2024 budsjettet. Anslag på totalt 10 mill.
10023	Oppgradering møterom og kontorlokale Dalavegen 2	0	400 000	237 725	IKT	Oppgradert møterom og kontorlokaler i Dalavegen 2. Prosjektet avslutta med lågare forbruk enn forventa. Finansiert av rammeløyving IKT.
10123	Utstyr skule	0	2 000 000	1 996 438	IKT	Digitalisering skule og barnehage: Oppgradering av digitalt utstyr til skule for å bidra til jamn utskiftingsrakt (4 år) på elev- og tilsetteutstyr. Finansiert av rammeløyving IKT.
10223	Utstyr til helse og omsorg	0	200 000	191 888	IKT	Digitalisering helse: Oppgradering av telefonar til bruk i heimetenesa. Rammeløyving IKT
10323	Utstyr utan oppvekst	0	800 000	620 983	IKT	IT-sikkerheit: Oppføring av Datarom 2 i Dalavegen for å sikre redundante tenester for helse. Rammeløyving IKT Digitalisering: Oppgradering av telefonar i organsisasjonen knytt til overgang til Teams-telefoni.
15360	Kleppa grunnkjøp	0	300 000	83 085	OA22	Planlagt gjennomført i 2024.

20023	Inventar Kaupanger skule	0	0	216 540		Finansiert med bunde fond, overføring frå drift
20123	Klasseromsmøblar opplæringscenteret	0	370 000	368 204	Prek	Rammeløyving prekære behov. Ferdig 2023
20301	Omsorgsbustader Stedjevegen	5 000 000	0	0		Prosjektet har finansiering i 2024 budsjettet.
20305	Fosshagen barnehage	0	4 880 000	1 163 880	OA22	Utbetaling av overskjønn i 2024. Er ikkje fullfinansiert. Eiga sak eller første tertial 2024.
20308	Tilbygg Belehalli	16 000 000	16 803 000	14 861 806		Står att uteområde, endringar, inneståande fakturering og noko feilretting. Mellombels bruksløyve på plass. Ferdig før sommaren. Restfinansiering er tilrådd rebudsjettert i 2024.
20309	Symjehall Leikanger	0	0	56 498		Større oppgradering er sett på vent. Konsulentkostnad vurdering av bygg i 2023. Prosjektet er avslutta.
20550	Bustadtilrettelegging-Hittun Balestrand	625 000	625 000	0		Gjennomføring står att. Restfinansiering er tilrådd rebudsjettert i 2024.
20603	Sanering av VA-anlegg Villavegen	0	123 000	4 593	OA22	Prosjektet vart avslutta i 2022. Kunn sluttoppgjjer i 2023.
20605	Trastadalsdammen	0	3 058 000	2 734 034	OA22	Sluttoppgjjer gjenstår. Arbeidet er ferdig.
21303	Skuleutbygging Sogndal sentrum	6 000 000	6 110 000	852 493		Anbod er klart til å bli lyst ut.
21304	Ombygging Sogndal kulturhus	0	315 000	315 049		Nytt galleri og ombygging klasserom i kulturhuset.
21400	Ny avkøyring Rv5-Ingafossen Sogndal	3 000 000	0	0		På vent i høve evt. bussoppstillingsplass VLFK.
21401	Trafikktrygging	0	900 000	857 738	Veg	Finansiert av rammeløyving veg.
21500	Avlaup-rammeløyving	7 000 000	1 650 000	0		Rammeløyving, rest vert ikkje overført til 2024
21501	Vatn-rammeløyving	7 000 000	1 050 000	0		Rammeløyving, rest vert ikkje overført til 2024
21502	VA-Gravenssteinsgata	0	1 906 000	3 139 792	OA22	Prosjektet er ferdig. Ei større oppgradering enn opphavelag plan. Meirforbruket er innanfor handlingsrommet som ligg i unytta rammeløyving på vatn og avløp.
21504	VA-Kaupangervegen/Amla	0	2 633 000	3 277 663	VA+OA	Opphavelag sett opp 50 meter sprenging, realiteten er 3-400 meter sprenging og meir asfalt enn planlagt. Delvis finansiert med rammeløyving vatn og avløp. Sluttoppgjjer gjenstår.

21505	VA-høgdebasseng Hodlekve	0	467 000	629 165	OA22	Nytt høgdebasseng er bygd. Sluttoppgjør gjenstår.
21506	VA-jordbruksleidning	11 000 000	11 000 000	0		Prosjektet er ikkje kome i gang
21507	VA-Bryggjegota	0	1 800 000	1 833 302	VA	Rammeløyving vatn og avløp. Kostnadsfordeling gjenstår. Anlegget er ferdig.
21600	Rassikring Stedjeåsen	0	0	10 038		Prosjekt ferdig i 2022, byggesaksgebyr betalt i 2023.
21912	Budsjettramme grunnkjøp	0	0	27 380		Oppmålingsgebyr Dalavegen 4.
22102	Rammeløyving IKT	3 500 000	100 000	0		Rammeløyving, rest vert ikkje overført til 2024
22200	Rammeløyving div prækere inv.behov	1 000 000	630 000	0		Rammeløyving, rest vert ikkje overført til 2024
22210	Reinhald utstyr	0	0	-19 600		Utgift dekket med overføring frå drift. Kjøp av reinhaldsmaskiner. Differanse gjeld mva.
22211	Møblar og inventar skule	0	0	46 072		Klasseroms møblar Sagatun skule utgiftsført i 2022. Differanse gjeld mva som er ført i 2023.
22300	Bygg-Rammeløyving	8 000 000	0	0		Rammeløyving bygg er fordelt på delprosjekt gjennom året.
22311	Notsete barnehage	0	2 597 000	3 725 519	OA22	Under slutføring. Vindauge, lys og pumpehus står att å ferdigstille. 0,3 mill. kr i restkostnader. Prosjektet manglar finansiering i 2024 for å bli ferdigstilt.
22312	Rones barnehage	0	1 423 000	705 261	OA22	Standardheving og utbetring jf. Oppfølging av pålegg frå tilsyn miljøretta helsevern.
22313	Altan Leighgota	0	300 000	13 900	Bygg	Rammeløyving bygg. Ferdigstilling 2024
22315	Leikanger 1-10	0	475 000	371 875	Bygg	Rammeløyving bygg. Moglegheitsstudie. Prosjekt i 2022, faktura kom i 2023, innafor totalt budsjett.
22325	Administrasjon og kulturlokale Saften	2 000 000	1 131 000	347 324		Under prosjektering, rekalkulering i mai etter planen. Budsjett i 2024
22332	Utbetring Valebrekka	0	2 800 000	3 412 453		Mur i dårleg forfatning, vegdekke og bruer. Sluttoppgjør gjenstår
22334	Fjærestad 8 - Rehabilitering omsorgsleilighet	0	150 000	126 166	Bygg	Rammeløyving bygg. Ferdig 2023
22336	Berlehagen 14 - Rehabilitering kommunal leilighet	0	200 000	234 239	Bygg	Rammeløyving bygg. Ferdig 2023

22340	Ladarar til elbilar - Sogndal kommune	0	250 000	249 184	Bygg	Rammeløyving bygg. Prosjektet starta i 2022. Kommunen har motteke klimasatsmidlar til delfinansiering av prosjektet. Ferdig 2023
22342	Leikanger barneskule - Reparasjon tak garderobar	0	400 000	380 750	Bygg	Rammeløyving bygg. Ferdig 2023
22343	SHOS - Ny motor til heis	0	450 000	440 288	Bygg	Rammeløyving bygg. Ferdig 2023
22345	Balestrand helsetun - Utskifting av SD anlegget	0	1 000 000	220 202	Bygg	Rammeløyving bygg. Ferdig 2024.
22346	Leikanger sjukeheim - Ny varmepumpe	0	1 000 000	944 253	Bygg	Rammeløyving bygg. Levert, men ikkje installert. Problematisk med kollektor og arbeidsmedium. Prosjektet er ikkje fullfinansiert i 2024. 0,51 mill. kr rest.
22348	Balestrand helsetun - Oppgradering raud fellesstove	0	0	44 162	Bygg	Rammeløyving bygg. Restfaktura i 2023.
22349	Utsyr maskiner - Reinhold og vedlikehald nye oppgåver på SHOS og Kulturhuset	0	0	602 930		Gjennomført 2022/2023, overført frå byggdrift.
22400	Veg-Rammeløyving	8 000 000	1 100 000	0		Rammeløyving vert ikkje overført til 2024
22404	Fosshagen barnehage - Skilje mellom veg og gangveg	0	100 000	148 738	Veg	Rammeøyving veg. Trafikktrygging
22406	Fjærestadfeltet til Kreklingen - Oppgradering gangsti	0	200 000	319 905	Veg	Rammeøyving veg. Ferdig 2023
22410	Kryss Leighgota/Skulevegen /Sogningen - Gatelys og rekkverk	0	125 000	123 306	Veg	Rammeøyving veg. Ferdig 2023
22412	Eidsgrendi - Gatelys	0	200 000	386 166	Veg	Rammeøyving veg. Ferdig 2023
22501	HB Stedje Rehabilitering	0	200 000	193 769	Vatn	Rammeløyving vatn. Ferdig 2023
22502	Kongabergvegen	0	2 691 000	640 292	Veg	Rammeøyving veg. 2 murar skal rehabiliterast. Prosjektet held fram i 2024. Avsett frå veg og park.
22503	FDV-program veg	0	1 200 000	1 183 612	Veg	Rammeløyving veg. Ferdig og sett i drift.
23401	Trafikkløysing Leikanger barneskule	500 000	500 000	0		Utsett. Budsjett 2024
23402	Gatelys - utskifting	2 000 000	2 000 000	2 315 829		Etter plan. Ny rammeløyving 2024

23403	Oppgradering av Kvålevegen/gangvegane	10 000 000	0	382 281		Heng tett saman med moglegheitsstudie saman med VLFK. Budsjett regulert i tertial og innarbeidd i budsjett 2024. Meirforbruk i 2023
23404	Oppgradering av Amlavegen	11 000 000	11 000 000	15 930		Under planlegging i 2024.
23405	Feiemaskin, bil, og hjullastar	0	4 025 000	3 100 858		Ferdig i 2023
23501	Hovudplan vatn	0	500 000	727 125	Vatn	Rammeløyving vatn. Ferdig i 2024. Eigenregi, drift
23502	VA Kongabergvegen	2 500 000	2 500 000	108 297		Prosjektering fordelt mellom VA og Veg.
23503	VA Reinseanlegg Sogndal	1 000 000	1 000 000	0		Budsjett 2024
23504	VA Nornes	22 500 000	500 000	657 105		Prosjektet har ikkje starta opp. Budsjett 2024
23506	VA OV Bråtane	0	5 000 000	360 596	VA	Rammeløyving vatn og avløp. Ferdig.
23507	VA Resipientundersøking	0	300 000	0		Ferdig. Prosjektet er utgiftsført i drift.
23551	Reguleringsplan Kvåle	1 500 000	1 500 000	604 631		Planinitiativ er sendt inn. Gjeld gang- og sykkelveg.
23912	Grunnkjøp/sal - rammeløyving	1 000 000	1 000 000	0		Rammeløyving vert ikkje overført til 2024
30023	Leikanger barneskule - skifte aggregat	0	1 100 000	1 288 093	Bygg	Rammeløyving bygg. Ferdig 2023
30123	Bondevikhuset - oppgradering og rehabilitering	0	800 000	900 378	Bygg	Rammeløyving bygg. Ferdig 2023
30223	Kaupanger Skule	0	4 000 000	4 808 614		Står att siste fakturering. Uteområde meir omfattande + uføresett asbestsanering av tak. Etterisolering av tak saman med asbestsanering. Rest ikkje finansiert i 2024 om lag 50 000 kr
30323	Leikanger ungdomsskule - ventilasjon garderobar	0	625 000	638 322	Bygg	Rammeløyving bygg. Ferdig 2023
30423	Leikanger ungdomsskule - akustikktiltak bygg C	0	125 000	163 026	Bygg	Rammeløyving bygg. Ferdig 2023
30523	Leikanger ungdomsskule - asfaltering	0	500 000	461 327	Bygg	Rammeløyving bygg. Ferdig 2023
30623	Kjøp av bygg 2023	0	20 372 000	11 659 990		Midlane er nytta til kjøp av bustader.
30723	Leikanger ungdomsskule - heis (løfteplattform)	0	625 000	608 362	Bygg	Rammeløyving bygg. Ferdig 2023
30823	2.etg Holmatunet	0	2 500 000	111 773		Under planlegging.
40023	Tiltak ved gang og sykkelveg mellom	0	1 100 000	1 019 879	Veg	Rammeløyving veg. Ferdig 2023

	Lunnamyri og Dalavegen					
40123	Utbetring av mur ved Åbergevegen 30-34	0	375 000	329 332	Veg	Rammeløyving veg. Ferdig 2023
40223	Gatelys under Sogningen	0	650 000	705 332	Veg	Rammeløyving veg. Ferdig 2023
40323	Sikring av elva Spøna	0	1 000 000	140 918	Veg	Rammeløyving veg. Enklare løysing enn planlagt.
60123	Rasopprydding Tverrdøla	0	1 250 000	72 583	Veg	Rammeløyving veg. Gjennomføring står att. Knytt til Supphellevegen
79202	BAS Røvhaugeane	0	0	564 781		Overføring frå drift.
79999	Kjøp/sal av transportmiddel	0	0	598 000		Overføring frå drift. Kjøp av transportmiddel oppmåling i 2022. Retting av tidlegare års feil.
80223	Kjøp av Lux Eigedom AS	0	0	5 250		Aksjekjøp, avslutta 2023
98900	Justeringsavtale Fjordhus AS	0	0	66 381		
98901	Justeringsavtale Nedrehagen utvikling AS	0	0	485 801		
98902	Justeringsavtale Åsen & Øverlid	0	0	56 751		
98903	Justeringsavtale Sognefjorden utvikling	0	0	7 118 634		
98904	Justeringsavtale Gravdal bustadprosjekt	0	0	104 897		
99999	Kjøp og sal av tomter	0	0	33 921		
	Sum varige driftsmiddel	132 725 000	151 542 000	102 016 433		

8 KOSTRA-tal

Utgifter fordelt tenestegruppe - samanlikna med andre kommunar

Førebelse KOSTRA-tal for 2023 vart publisert 15. mars 2023. Utgifter til ulike tenesteområde basert på tal frå rekneskap 2023 er presentert i tabellen nedanfor. Tala i tabellen viser netto driftsutgifter per innbyggjar korrigert for utgiftsbehov. Fordeling av utgifter på ulike tenester følgjer ein eigen KOSTRA-retteljar. Samla sett syner tabellen at Sogndal kommune brukar om lag 86 000 kr per innbyggjar til tenesteyting.

Netto driftsutgifter per innbyggjar	Sogndal	Kostragruppe 08	Vestland	Vestvågøy	Stad	Voss herad	Luster
Grunnskule	18 651	19 251	17 728	15 861	15 944	19 765	23 205
Pleie og omsorg	32 142	28 217	27 128	25 614	26 066	24 457	27 670
Barnevern	1 380	3 000	2 999	2 471	2 059	3 820	1 943
Barnehage	10 822	11 825	11 176	11 142	10 529	11 021	12 207

Kommunehelse	5 096	5 683	4 808	5 325	4 077	4 956	5 337
Sosiale tenester	3 884	4 878	4 911	3 978	4 747	6 357	5 988
Kultur og idrett	2 670	3 787	3 182	3 361	2 526	3 787	4 349
Plan, kulturminne, natur og nærmiljø	1 694	1 387	1 320	1 088	1 425	1 241	1 790
Adm, styring og fellesutgifter	8 556	7 892	6 190	7 222	5 755	7 337	6 942
Andre områder²	1 475	2 518	1 809	4 550	5 246	997	-761
Brann og ulykkesvern	1 595	1 607	1 253	1 296	1 068	1 122	1 837
Kommunale bustader	-14	28	237	-45	566	1 029	1 005
Samferdsel	1 860	2 349	1 382	1 920	2 724	2 702	5 376
Næringsforv. og konsesjonskraft	-2 723	-2 429	-1 987	488	-85	-4 697	-10 386
Landbruk	73	146	118	99	81	84	104
Kyrkje	684	817	806	792	892	757	1 303
Totalt	86 371	88 438	81 251	80 612	78 374	83 739	88 670

Kjelde: Framsikt Analyse, Sogndal kommune

Sogndal kommune har noko lågare nettoutgifter per innbyggjar enn snittet for kostragruppe 08. Dersom ein samanliknar Sogndal kommune med snittet for kostragruppe 08, ser ein likevel at Sogndal kommune har høgare nettoutgifter per innbyggjar på tenesteområda pleie og omsorg og administrasjon, styring og fellesutgifter, samt plan kulturminne, natur og nærmiljø. På andre tenesteområde har Sogndal kommune netto lågare utgifter per innbyggjar enn snittet i kostragruppe 08.

Det er særleg pleie og omsorg som skil seg ut. Rapporteringa syner at nettoutgifter til pleie og omsorgstenester i Sogndal kommune er om lag 3900 kr høgare per innbyggjar enn gjennomsnittet i kostragruppa.

Skilnader i nettoutgifter kan skuldast både høgare utgifter på grunn av dekningsgrad, effektivitet eller tenestestandard/kvalitet og det kan skuldast lågare inntekter. Meir inngåande analysar må gjerast for å forklare skilnader.

² På grunn av at kommunar i oversikta har svært ulike frie inntekter frå mellom anna konsesjonskraft, som påverkar netto utgifter til tenesteyting, så er dette talet lite eigna for samanlikning